



Folgefonna
nasjonalparkstyre

BESØKSSTRATEGI

Folgefonna nasjonalpark med tilgrensande verneområde

Folgefonna nasjonalparkstyre 2020



Innhold

1.	Innleiing3
2.	Geografisk avgrensing3
3.	Rammer for forvalting3
3.1	Verneforskrift3
3.2	Nasjonalparken.....	.3
3.3	Landskapsvernombråda.....	.5
3.4	Forvaltingsplan.....	.5
3.5	Merkevarestrategien for Noregs nasjonalparkar.....	.5
4.	Kunnskapsgrunnlaget.....	.5
4.1	Sårbare naturverdiar.....	.5
4.2	Friluftsliv og tilrettelegging8
4.3	Reiselivet.....	.8
4.4	Brukarsane av verneområda.....	.11
4.5	Endringar i klima.....	.13
4.6	Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen.....	.15
5.	Målsettingar16
	Mål med besøksforvaltinga.....	.16
	Mål for verneverdiane16
	Mål for reiselivet og besökande.....	.16
	Mål for lokalsamfunna.....	.16
	Mål for born og unge16
6.	Strategiar.....	.17
7.	Tiltaksplan.....	.18
	Tiltak for å nå måla for verneverdiane.....	.18
	Tiltak for å nå måla for reiseliv og besökande19
	Tiltak for å nå måla for lokalsamfunna19
	Tiltak for å nå måla for born og unge.....	.19
	Konkrete tiltak knytt til innfallsportar20
8.	Vedlegg21
1	Skildring innfallsportar.....	.22
2	Merknadsskjema27
3	Ferdselsteljarar38
4	Tiltaksplan39

Foto framside: Toppturar på ski i Rosendalsalpane er ein populær våraktivitet. Foto: Espen Haagensen

Foto bakside: Sherpatrappene opp Skarsklyp leier opp til Folgefonna nasjonalpark og den populære fjellturen til Melderskin 1426 moh. Foto: Astrid Bakke Haavik

1. Innleiing

Med ei auka interesse for naturbasert turisme og behovet for eit berekraftig reiseliv som bakteppe har Klima- og miljødepartementet vedtatt at alle nasjonalparkar i Noreg skal ha eigne besøksstrategiar innan 2020. Virkeperioden til besøksstrategien er sett frå 2020 til 2030.

Visjon

Vi skal ta vare på verneverdiane, dei gode naturopplevingane og lokalsamfunna no og for ettertida.

Føremålet med denne strategien er å sikre ei samla besøksforvalting for Folgefonna nasjonalpark og verneområda rundt.

Denne strategien skal sikre ei god oppleveling for dei som nyttar verneområda, samstundes som naturverdiar, landskap og kulturmiljøa vert tatt vare på. Strategien skal sikre at lokal busetnad vert ivaretatt og at dei som vitjar områda får ei god oppleveling. Dette kan vere med å bidra til fleire moglegheiter for lokal verdiskaping knytt til verneområda.

2. Geografisk avgrensing

Arbeidet med besøksstrategi femnar om **Folgefonna nasjonalpark**, dei fire kringliggende landskapsvernombåda: **Hattebergsdalen**, **Ænesdalen**, **Bondhusdalen** og **Buer landskapsvernombåda**, i tillegg til **Langebudalen naturreservat**. Totalt dekker verneområda eit areal på 599 km², der 545 km² er nasjonalpark.

Sidan det aller meste av ferdselet inn i verneområda startar utanfor dei verna områda, må besøksstrategien leggje føringar for korleis forvaltingsmyndigheten vil samarbeide med kommunane om å kanalisere ferdsla i randområda og dei utvalde innfallsportane. Dette gjeld mellom anna tilretteleggingstiltak som parkeringsplassar, informasjonstavler og skilt og anna informasjonsmateriale.

3. Rammer for forvalting

Folgefonna nasjonalparkstyre har forvaltingsansvar for Folgefonna nasjonalpark og tilgrensande verneområde. Dei juridiske rammene for forvaltinga er gitt i eigen forskrift. Nasjonalparkstyret si primære oppgåve er å sikre ei god forvalting av dei verna områda for å ta vare på naturverdiane og opplevingsverdiane på lang sikt, på vegne av nasjonen. Besøksstrategien er ein plan for korleis forvaltingsmynda skal gjennomføre tiltak for dei besøkande i verneområda.

3.1 Verneforskrift

Verneforskriftene gjev konkrete rammer for kva som er tillate og ikkje i verneområda. Verneføremålet er skildra i § 2 og legg grunnlaget for all forvalting i verneområda. Føremålet med vernet inkluderer at ålmenta skal ha høve til naturopplevingar gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging. Forskriftene har ei rekke reglar som er relevante for korleis vi forvaltar dei besøkande.


Folgefonna nasjonalparkstyre

Folgefonna nasjonalparkstyre har hatt forvaltingsansvar for Folgefonna nasjonalpark, dei fire landskapsvernombåda Hatteberg, Ænesdalen, Bondhusdalen og Buer og naturreservatet Langebudalen sidan 2011. Styret er sett saman av folkevalde representantar frå dei kommunane vernet omfattar og ein representant frå Fylkeskommunen.

Det er tilsett ein nasjonalparkforvaltar som er sekretær for styret.

3.2 Nasjonalparken

Nasjonalparken er verna mot alle fysiske inngrep, men det er teke omsyn til eksisterande bruk av området, ved å gje ei rekke unntak frå forbodet. Alt plante- og dyreliv skal vernast mot skade og øydelegging. Kulturminne er beskytta mot skade og øydelegging og lause kulturminne skal ikkje fjernast eller flyttast. All ferdsel, både organisert og uorganisert, skal skje med varsemd og omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. Sykling og bruk av hest er berre tillate på veger og stiar som er nærmare skildra i forvaltingsplanen.



Figur 1 syner geografisk avgrensing av Folgefonna nasjonalpark med tilhøyrande verneområde.

3.3 Landskapsvernombråda

Landskapsvernombråda er verna mot alle inngrep og aktivitetar som vesentleg endrar landskapet sin art og karakter. Det er ei rekke unntak frå forbodet for å lette tradisjonell landbruksdrift. Kulturminne er verna mot skade og øydelegging. Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper. Forvaltingsmynde kan vidare gje løyve til bygging av nye bruer og klopper som er naudsynte i samband med beite og friluftsliv.

3.4 Forvaltingsplan

Forvaltingsplanen for Folgefonna nasjonalpark og dei tilhøyrande landskapsvernombråda vart godkjent i 2010 og besøksstrategien bygger på denne planen. Forvaltingsplanen skildrar litt av dagens tilstand når det gjeld besökande.

I forvaltingsplanen blir det lagt opp til at forvaltingsmynda har eit særskilt informasjonsansvar og bør skape kontaktplassar med alle reiselivsaktørar som arbeider inn mot verneområda slik at ein sikrar at det vert gitt god informasjon om verneområda. Det er også viktig å forebygge skade på naturmiljøet, særleg knytt til organisert ferdsel og store grupper på tur. Planen legg opp til at ein skal drive eit enkelt og naturvenleg friluftsliv i verneområda. Reine reiselivstiltak som krev fysiske tiltak skal føregå utanfor verneområdet. Det er mange retningsliner for korleis ein bør gjennomføre skilting i verneområda. Det skal vere ein restriktiv praksis for å gje løyve til å merke nye stiar. Villmarksprega område utan tilrettelegging skal halde på villmarkspreget og informasjon om områda heller delast via kart og brosjyrar.

All tilrettelegging skal syte for at verneverdiane vert sikra, på lang og kort sikt. Styret kan gje løyve til merking og tilrettelegging av stiar for ålmenta. Men styret kan også ta initiativ til at enkelte område vert skjerma frå ferdsel, om det skulle vere naudsynt.

I landskapsvernombråda er det å ta vare på naturen og kulturlandskapet overordna tilrettelegging for friluftsliv, så ved konflikt med verneverdiane eller tradisjonelt landbruk må ein tilpasse friluftslivet og tilrettelegginga for besökande. Friluftslivet skal bygge på enkle friluftstradisjonar, med vekt på det naturvenlege friluftslivet. Uteaktivitetar må ikkje komme i konflikt med verneføremålet. Skilt og informasjon i verneområda treng løyve frå både nasjonalparkstyret og grunneigar.

Det er lista opp fleire konkrete retningslinjer for forvalting av friluftslivet og reiselivet, desse kan du sjå i forvaltingsplanen.

3.5 Merkevarestrategien for Noregs nasjonalparkar

Klima- og miljødepartementet ga i 2015 ut «Velkommen inn», ein ny merkevare- og kommunikasjonsstrategi for Noregs nasjonalparkar. Den nasjonale merkevarestrategien frå Miljødirektoratet er grunnlaget for visuell identitet, kommunikasjon og aktivitet i alle vernerområder i landet. Den skal syte for at alt som forvaltinga gjer er med og understøttar ein overordna idé om kva man er, kven man er til for og korleis man skal vedlikehalde og utvikle ein enkel og samlande identitet.

Strategien omfattar merkevara for Noregs nasjonalparkar, besøkssenter, nasjonalparklandsbyar og -kommunar. Merkevarestrategien blir viktig for alle møtepunkt mellom besökande og verneområda på Folgefonna, kven vi retter oss mot og dei forvaltingsgrepa som vi gjer.

«Veileder i besøksforvaltning i norske verneområder» (M-415/2015) og rettleiaren «Innfallsporter, Informasjonspunkt, startpunkt og utkikkspunkt» (M-417/2015) skildrar korleis besøksforvalting i verneområde skal gjennomførast.

4. Kunnskapsgrunnlaget

Ein viktig føresetnad for arbeidet med besøksstrategi er å skaffe god nok kunnskap om kor sårbare områda er for bruk. Om det kjem fram behov for differensiering bør ein lage ein plan for slik tilpassing som ein del av besøksstrategien. Under ligg eit samandrag av kunnskapsgrunnlaget.

4.1 Sårbare naturverdiar

Lokalisering av sårbare naturtypar på grov skala

Myr – Det er mykle myr i verneområda, men få store og samanhengande myrområde. Ingen av dei store turmåla er prega av store myrar og dei små myrområda som ligg ved stiar er nok lette å skåne frå ferdsel ved enkel tilrettelegging. Stiar som ikkje er mykle brukta vil også tolka ferdsel før myra vert øydelagde.

Bratte parti – Mesteparten av terrenget i verneområda er bratt og til dels veldig bratt. Fleire av dei mest brukte stiane ber også preg av dette. Mykje vatn, kombinert med lausmassar i bratt terreng aukar også skadepotensialet ved slitasje på stiane. Om toppdekket vert slitt vekk er det veldig lett for at vatnet byrjar å grave og erodere i stien. Dette kan også hindrast ved tilrettelegging av stiar, men krev meir omfattande tiltak.

Fare for erosjon ved ferdsel – Det er fleire stader der stiar kryssar område der det er fare for erosjon. Dette gjelder særleg i bratte skrentar og rasmarker med lausmassar og tynt vegetasjonsdekk. Nokre stader vil også stiane gå over kvartærgelogisk interessante område som morenar og liknande som også er sårbar for ferdsel. Desse er også ein del av verneføremålet og viktige å verne om så dei ikkje blir øydelagde. Det er ikkje gjort ein heilskapleg kartlegging av kor det er stor fare for erosjon.

Vurdering av tolegrens for bruk

Sommaren 2018 vart det gjennomført ein sårbarheitsvurdering i verneområda våre, der ein samanstilde eksisterande kunnskap og analyserte han opp mot dagens ferdsel.

Her vart den generelle tolegrensa for vegetasjon, dyreliv og geologi vurdert for heile verneområdet. I tillegg vart det sett på ferdsel i enkelte lokalitetar og kor store tolegrensene er for dagens nivå av ferdsel. Mykje ferdsel vil alltid føre med seg slitasje på terrenget. Det er likevel ikkje slik at ferdsel og bruk alltid vil føre med seg negative konsekvensar for naturmangfaldet. Her er det mange ulike faktorar som spelar inn.

Tolegrens for naturmangfaldet

Folgefonnahalvøya er dominert av harde og sure bergartar som gneis og granitt. Dette skapar eit næringsfattig jordsmonn, som vi delar med store delar av Vestlandet. Difor er ikkje vegetasjonen i området spesiell, men prega av vanlege artar og er generelt artsfattig. Størstedelen av verneområdet er også høgt til fjells og dekka av isbre. Men det er fleire lommer av meir næringsrikt jordsmonn der vi finn fleire sjeldne artar og eit stort botanisk mangfald. Dei mest artsrike områda ligg på austsida av Folgefonna.

Dyrelivet på Folgefonnahalvøya er også typisk for regionen. Verneområda har størstedelen av arealet i fjellet, der det er artar som fjellrype, hare, snøsporf, ringtrast og steinskvett, smågnagarar og snømus og røyskatt. Skogen i dalsidene har eit artsmangfald som er representativt for slike skogar på Vestlandet. Det er særleg dei høge førekomenstane av raudlisteartane gråspett, kvitryggspett og dvergspett som er viktige. Desse artane er svært sjeldne andre stader i verda og Noreg har eit særskilt forvaltingsansvar for å ta

vare på dei. Det er registrert 17 naturtypelokalitetar heilt eller delvis innanfor verneområda. Dette er lokalitetar med rik edellauvskog, haustingsskog, kalkrike område i fjellet, naturbeitemark og gammal furuskog. Nokre av desse vil vere sårbare for ferdsel, men slik dei ligg i dag er det lite truleg at det vil bli eit problem.

Dei verna områda har store landskapsverdiar, medan naturmangfaldet stort sett er av lokal verdi. Dei naturverdiene som er sårbarer ligg i tillegg lite tilgjengeleg for folk, og vil nok ikkje verte tilgjengelege med det første. Buardalen skil seg ut med å flest registrerte naturtypar med høg verdi. Det er ingen ferdelsårer gjennom desse områda og dei ligg bratt til, så dei er nok lite utsett for slitasje frå ferdsel. Fleire hekkeplassar for rovfugl er kjent i nærleiken av innfallsportar som i Bondhusdalen og Buardalen. Hekkinga der i dag tyder på at ferdelsen ikkje er eit stort problem i dag. I desse områda vert det viktig å ikkje legge nye stiar inn i område der det kan oppstå konflikt.

Tolegrens på ferdelslokaltetar

På enkelte utvalde lokalitetar vart tolegrensene for vegetasjonen og dyreliv vurderte langs ein stitaré. Stiane der tolegrense for ferdsel vart vurderte:

- Bondhus – Fonnabu, Keisarstien
- Ænesdalen
- Ænesdalen – Gygrastolen
- Buer – Buerbreen
- Murabotn – Kuhammaren
- Murabotn – Prestavatnet

Tolegrensene for ferdsel er generelt høge på alle dei synfarte lokalitetane. Men tolegrensene vart låge på alle stiar der terrenget er fuktig og bratt. På desse partia vert stien ofte erodert og folk lagar nye stiløp, noko som slit på vegetasjonen. Det vart ikkje oppdaga nokon sjeldne eller spesielt sårbar vegetasjonstypar langs desse partia med mykje slitasje. Veldig mykje av slitasjen som følgje av ferdsel i vått og bratt terrenget er mogleg å bøte på ved tilrettelegging av stiane. Erosjon vert ofte forsterka av vatn i stiløpa. Gode tiltak vil difor vera å leie vatnet ut av stien.

NINA gjennomførte i september 2018 ein sårbarheitsvurdering av lokalitetane i Buerdalen, Bondhusdalen og Tokheimslia.

Generelt så var områda veldig robuste i forhold til dei høge besøkstala i området.



Figur 2 Kart som syner villmarksområde på Folgefonna-halvøya (mørk grøn). Dette er område som ligg meir enn fem kilometer frå tyngre tekniske inngrep, som vegar, vasskraftutbygging og kraftlinjer. Dette er eit av dei siste villmarksområda igjen i Hordaland utanom Hardangervidda.

4.2 Friluftsliv og tilrettelegging

Innfallssportane rundt Folgefonna

Dei desidert viktigaste ferdelsårene inn i verneområda er Buerdalen, Bondhusdalen og Folgefonna sommarskisenter. Kvart år er det store mengder folk som kører inn til desse områda og går lengre eller kortare turar. Frå både Bondhusdalen og Buer er det mogleg å gå relativt korte turar og sjå breen. Ein kan også komme seg heilt innpå brefalla frå desse innfallssportane. Det er nokre godt brukte t-merka stiar inn i verneområda våre frå andre stader også. I tillegg går det umerka stiar som er mykje nytta frå fleire bygder til fjells, mellom anna langs Mosnesvassdraget, Hattebergsvassdraget, i Ænesdalen og Raundalen. På sjølve breen er ruter frå Folgefonna Sommarskisenter til toppen av Nordfonna merkte i skisesongen om sommaren.

Sykling

Det skal ikkje tilretteleggast for sykling i landskapsvernområda. Bygging av sykkelstiar bør skje utanom verneområda. Uorganisert bruk av sykkel er tillat innanfor rammene i friluftslova og verneforskrifta. Det er forbod mot sykling i verneområda med unntak av vegane i Hattebergsdalen og Bondhusdalen landskapsvernområde.

El-sykkel er definert som motorisert ferdsel, og er forbode i verneområde der det ikkje er opna for motorisert ferdsel. Det er kun i Hattebergsdalen landskapsvernområde det er opna for motorisert ferdsel på grusveg.

Turisthyttene

Det er fire turisthytter i Folgefonna nasjonalpark. Desse blir drifta av Den norske turistforeining (DNT) gjennom ulike lokallag. Hyttene Breidablik og Fonnabu er eigd av Bergen og Hordaland turlag og blir drive av lokallaget Kvinnherad turlag. Holmaskjer er drifta og eigd av Odda/Ullensvang turlag. Sauabrehytta sør for Folgefonna blir drive av Haugesund turistforeining. Fonnabu er den mest besøkte hytta i nasjonalparken. Talet på overnattingar har auka noko dei siste ti åra.

Det er fire turisthytter i Folgefonna nasjonalpark. Desse blir drifta av Den norske turistforeining (DNT) gjennom ulike lokallag. Hyttene Breidablik og Fonnabu er eigd av Bergen og Hordaland turlag og blir drive av lokallaget Kvinnherad turlag. Holmaskjer er drifta og eigd av Odda/Ullensvang turlag. Sauabrehytta sør for Folgefonna blir drive av Haugesund turistforeining. Fonnabu er den mest besøkte hytta i nasjonalparken. Talet på overnattingar har auka noko dei siste ti åra.

Andre hytter

Det er registrert om lag 40 hytter, buer og sel inne i verneområda. Dei fleste av desse er knytt til gamle stølvollar, fiskeplassar og liknande. Nokre er jaktbuer av nyare dato.

4.3 Reiselivet


Ringverknadsanalyse

Folgefoni breførarlag og Fonna sommarskisenter gjekk sommaren 2017 saman for å bestille ein ringverknadsanalyse av effekten Folgefonna som turistdestinasjon har på reiselivet og samfunnet elles i regionen. Analyseområdet var avgrensa til desse kommunane: Ullensvang, Kvam, Kvinnherad og Etne.

Arbeidet gjekk ut på å undersøke korleis reiselivet bidreg til lokal verdiskaping ved å finne ut kor mykje turismen bidrog til lokal økonomi i løpet av 2016. Vidare undersøkte dei kor viktig Folgefonna er for reiselivsrelatert verdiskaping i regionen. Dette vart gjennomført ved intervju av aktørar i lokalt og nasjonalt reiseliv om kor viktig Folgefonna synest å vere for å trekke turistar til regionen. Til slutt vart det laga eit estimat av kor mykje av verdiskapinga som kan tilskrivast Folgefonna som attraksjon og opplevingsarena.


Tabell 1 syner tal på overnattingar på dei 4 turisthyttene i nasjonalparken.

Årstall	Breidablikk	Fonnabu	Holmaskjer	Sauabrehytta
2017	200	1207	175	140
2016	151	839	229	153
2015	139	617	170	153
2014	192	733	223	168
2013	151	596	186	170
2012	125	649	220	142
2011	124	556	214	85
2010	175	718	230	77



Figur 3: Kartet viser alle stader der det er naturleg å ta seg inn i Folgefonna nasjonalpark og besøksmål for besøkssenteret, rangert etter kor viktige dei er for besøkande.

Hytter og stølar i verneområda



Figur 4 syner lokalisering av hytter og stølar i nasjonalparken og landskapsvernområdet.

Hovudfunn

Reiselivet er ein svært viktig næring i denne regionen og sto for 440 millionar i verdiskaping for regionen. Årleg er det om lag 790 000 gjestedøgn i Folgefonna-regionen (inkludert Kvam). Så å seie all aktivitet i overnatting- og serveringsnæringssektoren er generert av reiselivsrelatert aktivitet. Det er naturbasert reiseliv som er viktigast og i raskast vekst. Menon analyse berekner at Folgefonna bidreg med rundt 19 % av all reiselivsrelatert verdiskaping og 21 % av arbeidsplassar i reiselivsnæringer. Dette er medrekna ringverknader på andre bransjar som handel, transport og auka sysselsetting. Talet er truleg konservativt, då dei legg til grunn ein låg andel Folgefonna-relaterte gjestedøger i dei store kommunane Odda og Ullensvang. Talet reflekterer heller ikkje dagsbesøk då dei mangla statistikk på kor mange som kjem på dagsbesøk frå Bergen og andre stader. For tida framover er det forventa ein auke i tal tilreisande, særleg knytt til ski og breføring. Reiselivsaktivitet rundt Folgefonna nyt godt av Trolltungaeffekten, der aktivitetar knytt til Folgefonna er komplementære produkt som er attraktive for mange av dei same turistane. Folgefonna og naturen rundt gir moglegheiter for eit meir variert aktivitetstilbod enn Trolltunga. Kombinasjonen av fjord, fjell og isbre er unik også i Noreg, og noko som mange ønskjer seg til. Kombinert med etablerte varemerke som Trolltunga, Vøringsfossen og Hardangerfrukt kan Folgefonna vere utgangspunkt for eit mangfold av naturbaserte reiselivsprodukt.

Område som blir særleg nyttå av reiselivet

Bondhusdalen

Bondhusdalen er eit område med stor tilstrøyming av turistar. Reiselivet i regionen nyttar vernestatusen i marknadsføringa, og Bondhusvatnet med Bondhusbreen er kanskje det mest nyttå enkeltmotivet i marknadsføringa av verneområdet. Trenden med opplevings- og aktivitetsturisme med formidling av natur- og kulturkunnskap ser ut til å vere veksande, og sidan Bondhusdalen er lett tilgjengeleg er det sannsynleg at talet på besøkande vil auke i åra framover. Det er også arrangert organiserte turar herifrå, særleg for å gå Turistvegen over Folgefonna.

Nordfonna

Fonna sommarskisenter ligg på delar av Nordfonna og er teke utanfor verneområdet. Sommarskisenteret er også base for breturane til Folgefonna breførarlaget har daglege føringar av gjester inn i nasjonalparken. I 2017 vart det ført over 3 500 besøkande inn på breen i nasjonalparken herifrå.

Buer

Buerdalen har stor tilstrøyming av turistar, alle mest av turgårar på korte dagsturar. Per i dag reknar vi med at det er om lag 30 000 menneske som besøker Buer kvart år. I følgje NINA sin vurdering av sårbarhet for ferdsel i 2018 er det berre små område langs stien til Buerbreen som er sårbare for ferdsla slik han er i dag. Arrangørar av organisert turverksemd er mellom anna folkehøgskular, leirskular, vidaregåande skular, DNT og speidara. På det travlaste kan det vere opp til 100 menneske på overnatting i området samstundes. Telting skjer for det meste på to utslåttar ved foten av Gletthaug. Med dette omfanget trengst det toalett og det er mogleg teltinga bør styrast til tilviste teltplassar.

Det er sett i gong arbeid med ei sanitærløysing på Buer i samarbeid mellom det offentlege og grunneigar. Parkeringskapasiteten har vore forbetra betydeleg dei siste åra og no reknast kapasiteten som god i høve til tal besøkande per dag.

Rosendal

Rosendal og dei ulike turane i nasjonalparken som startar herifrå er mykje nyttå og dei turane som er mest brukte av lokale turgårar og tilreisande nordmenn. Melderskin er nok den mest nyttå toppturen i nasjonalparken og i 2018 var det over 3000 som tok turen til topps i sesongen. Her har parkeringsplassen ved startpunktet på Kletta vore utvida i fleire omganger, men kapasiteten er framleis sprengt. No er det planlagt ei ny utviding av parkeringskapasiteten her, som vert gjennomført i 2021-2022.

4.4 Brukarane av verneområda

Brukarundersøking

Det vart gjennomført ei brukarundersøking for Folgefonna i 2018. Det vart sett ut kassar med skjema på 11 innfallsportar til nasjonalparken og på fire turisthytter. Kassene hadde korte sjølvregistreringskort på norsk, engelsk og tysk som besøkande kunne fylle ut på staden. I tillegg var det høve til å skrive på e-postadressa si for å delta på ein utvida etterundersøking på e-post. På nokre av innfallsportane var det sett ut ferdselsteljarar for å måle kor stort besøk ein hadde i sesongen. Det kom inn svar frå totalt 9361 besøkande og 649 svar på etterundersøkinga.

Kven nyttar verneområda i Folgefonna?

Folgefonna trekk til seg eit høgt tal turistar kvar sommar som ønskjer å oppleve naturen i området. Som besøksmål skil Folgefonna seg frå andre verneområde ved at svært mange av dei besøkande oppsøker området anten for å sjå på eller å gå på breen. Svartifanget på Folgefonna er det nest høgaste som er registrert av alle verneområde som

Tabell 2. Nøkkelinformasjon om Folgefonna nasjonalpark tal respondentar: 9361 i kasseundersøkelse / 649 i etterundersøkelse

Andel nordmenn (n=9327)	22 %
Antall nasjonalitatar* (n=7279)	61
Andel førstegongsbesøkande (n=9321)	81 %
Lokalt bosette** (n=9327)	4 %
Andel med born i turfølget (n=9345)	21 %
Gjennomsnittsalder (n=9150)	40,7 år
Andel som er på fleirdagstur (n=8935)	7 %
Andel som er med på organisert tur (n=9409)	2 %
Andel som går berre på sti (n=649)	66 %
Andel som alltid går utanfor sti (n=649)	1 %
Andel som overnatter i eller i nærheten av nasjonalparken (n=649)	79 %

har hatt brukarundersøking, berre slått av Jostedalsbreen som årleg har besøk frå meir enn 1 million besøkande. Det var totalt besøk frå 61 nasjonar, der tyskarar stod for 50 % av dei utanlandske besøka. Det er ein svært høg del av utlendingar i Folgefonna (78 %), samanlikna med andre verneområde som ligg mellom 20 og 40 % utlendingar.

Berre 4 % av dei som svarte på undersøkinga var lokale (busett i ein av Folgefonna-kommunane), desse utgjorde totalt 368 personar. Svarmengda frå lokale er stor samanlikna med andre verneområde. Det er likevel sannsynleg at lokale brukarar ikkje stoppar opp for å fylle ut skjema dersom dei nyttar området fleire gonger i veka. Det er difor sannsynleg at bruken av verneområda av dei lokale er mykje større enn svarprosenten skulle tilsei.

Respondentane var relativt unge, og 42 % var under 35 år. Kvar femte besøkande hadde med seg born under 15 år. Det er ein låg andel som har besøkt området tidlegare (21 %) og relativt få som kan reknast som turvande.

Konklusjonen vert at det er mange som er på besøk i Folgefonna nasjonalpark, både lokale, øvrige nordmenn og utlendingar, men at tala vert noko forskyve på grunn av det enorme svartilfanget. Dei to innfallsportane Buer og Bondhus hadde til saman over 80 % av svarmengda og truleg også besøkande i 2018.

Kva turar er dei besøkande på?

Over 90 % av dei besøkande var på dagstur då dei svarte på undersøkinga og berre 7 % svarte at dei var på fleirdagstur i området. I andre undersøkte verneområde ligg talet på dagsbesøk mellom 60-80 %. Gjennomsnittleg lengde på ein dagstur ligg på 4,1 timer og dette er kortare enn i dei fleste andre verneområde. Omrent alle besøkande

har vore på ein dagstur til fots i Folgefonna i løpet av 2018, og ein av ti har vore på topptur. Blant nordmenn er det 12 % som svarer at dei er på trimtur.

Ettersom svarmengda er så stor i Folgefonna, er det likevel eit nokså høgt tal (630 respondentar) som var på telt- eller hytte til hytte-turar i Folgefonna samanlikna med andre norske verneområde. Folgefonna er ikkje eit typisk hytte til hytte-område og dei aktuelle turane er berre to til tre overnattingar. Av dei som var på fleirdagarstur gjekk dei i hovudsak turar på 2-3 dagar, noko som er vesentleg kortare enn i andre verneområde.

Om lag kvar femte respondent oppga at dei var på bretur i samband med besøket. Dei fleste av desse har svart at dei vandra på bre utan guide. Her er tala noko skeive då besøkande som gjekk med breførarlaget i liten grad har vore fanga opp av undersøkinga.

78 % av dei som svarte på undersøkinga var utanlandske turistar på ferie i Noreg. Dei fleste av desse besøkte Folgefonna som ein del av ei rundreise og ikkje som hovudmål for reisa.

Kva synes dei besøkande om opphaldet sitt?

78 % er nøgde med tilrettelegginga for friluftsliv i Folgefonna. Personar som føretrekker liten grad av tilrettelegging (høgpuristar) er noko mindre tilfredse med tilrettelegginga for friluftsliv enn dei som føretrekker stor grad av tilrettelegging (lågpuristar). Dette indikerer at dagens nivå av tilrettelegging appellerer noko meir til lågpuristar enn høgpuristar.

For dei besøkande er det viktig at stiar er tydeleg merka, at det finst informasjonstavler ved innfallsportar og at det står skilt ved stikryss som viser retning og avstand når dei ferdast i Folgefonna nasjonalpark. Jamt over opplever dei besøkande at tilretteleggingstiltaka som betyr mest for dei er av høg kvalitet i Folgefonna nasjonalpark. Ettersom besøksgruppa til Folgefonna er mangfaldig og viser svært ulike preferansar for grad av tilretteleggingstiltak, verkar det fornuftig å differensiere tilretteleggingsmengda mellom ulike delar av nasjonalparken. Fleire av respondentane som har teke med seg born i følgje, påpeiker at tilretteleggingstiltaka som er gjort i Bondhusdalen og Buerdalen gjer det enkelt å ta med seg born i turfølget. Samanlikna med andre verneområde er det ein svært høg andel som har med seg born under 15 år i turfølget.

Det er populært å nyte stiar når ein ferdast i nasjonalparken. To av tre respondentar seier at dei alltid nyttar sti då dei var på tur i nasjonalparken. Dei besøkande er positive til å dele stien med personar som nytter andre bruksformar enn tradisjonelle fotturar. Eit fleirtal av respondentane synest det er greitt at enkelte stiar kan nyttast av syklistar og til riding. Samstundes meiner dei fleste at hovudstiane bør vere forbehalde fotturistar.

Dei besøkande til Folgefonna viser ein generell motstand mot å liberalisere vernereglane. Det er svært få som ønskjer å opne opp for meir motorisert ferdsel i nasjonalparken, samt å opne for at det kan arrangerast idrettsarrangement i verneområdet.

Dei besøkande er jamt over tilfredse med tilrettelegginga og det verkar fornuftig at forvaltinga differensierer tilretteleggingsgraden for å vise omsyn til variasjonen i dei besøkande sine preferansar.

Informasjonstilgangen vert opplevd som god. Då dei besøkande vart spurte om kunnskap om vernereglane i området var det få som hadde kontroll på desse, og talet var særleg lågt blant utlendingane. Dette er naturleg då ein stor del av dei besøkande var her for første gong. Difor kan med fordel bli gitt ekstra informasjon om reglar og bruk av verneområda, kanskje i tilknyting til dei største innfallsportane. Over halvparten av dei besøkande hadde skaffa seg informasjon om området før dei kom hit. Dei viktigaste kjeldene til informasjon var internett (Visit Norway, Google Maps, TripAdvisor, DNT m.m.).

Det ser ut til at forvaltingsmynda har lukkast med å gje den informasjonen som dei besøkande er ute etter. Med eit svært høgt besøkstrykk om sommaren, er grunnleggande kunnskap om reglar for bruk av nasjonalparken ein føresetnad for å balansere aktiv

bruk av verneområdet og ivaretaking av verneverdiane. Om ein skal utvide informasjonstilboden føretrekker dei besøkande at denne informasjonen kjem gjennom internett før dei reiser heimanfrå eller via informasjonstavler ved parkeringsplassar og innfallsportar til nasjonalparken.


Bruken av området verkar ikkje å vere i strid med verneføremålet, men dei store besøksmengdene til enkelte delar av nasjonalparken gir særskilte utfordringar. Utlendingane i undersøkinga hadde generelt dårleg kunnskap om vernereglane.

Svar frå denne undersøkinga tyder på at brukarinteressene til dei besøkande til Folgefonna nasjonalpark kan kombinerast med vern av naturområdet. Dei besøkande viser stor interesse for tradisjonelt friluftsliv. Samstundes vil belastinga på naturen auke med besøksmengda, som allereie er stor i enkelte delar av nasjonalparken. Dette gjeld spesielt Bondhusdalen og Buer. Det er sentralt at forvaltinga føl med på bruken og sikrar god handtering av søppel og slitasje på stiar i dei mest besøkte områda av verneområdet.

4.5 Endringar i klima

Med ein fortsatt auke i klimagassutslepp har Norsk klimaservicesenter (NKSS) utarbeida ei vurdering av verknadane av eit endra klima for Norge (NCCS rapport 2/2015). Det er her vist til at ein fram mot 2100 vil ha ein temperaturauke gjennom året på omtrent 4,5 grader C, der det hovudsakleg er temperaturen i vinterhalvåret som vil auke. I tillegg vil det verta ein auke i nedbør på rundt 18 %. Denne auken vil ikkje verta jamt fordelt men det vil verta ein auke i ekstremnedbør der periodar med styrregn vil verta fleire og hyppigare. Regnflaumane vil verta fleire og større medan snøsmelteflaumen vert færre og mindre. Snødekke i lågareliggende områder vil bli nesten vekke og variasjonane i høgareliggende områder kan variera mykje gjennom vinteren.

Auka nedbør kan føre til at stiar og ferdelsområder vert meir fuktige, og kan gje auka slitasje gjennom sommarhalvåret. Auken i ekstremnedbør kan gje auka grad av erosjon i områder der det er sti og trakk i dag. Områder som i dag ikkje er utsett for slitasje vil verta meir sårbar for auka slitasje på vegetasjonsdekke og erosjon. I tillegg vil auka nedbør føre til fleire flaumar i mindre vassdrag som kan gje utfordringar for stiar og bruer og liknande tilrettelegging i verneområdet.



Figur 5. Kart over alle sjølvregistreringskassane som vart sett ut for brukarundersøkinga i 2018.

4.6 Samanstilling og situasjons-analyse av kunnskapen

Kva utfordringar vert det peika på i kunnskapsgrunnlaget

Per i dag er det ikkje kjent at verneverdiane er direkte truga som følgje av besøkande. Derimot er områda som er mest brukt veldig robuste for slitasje. Om det er veldig mange menneske som beveger seg utanfor etablerte stiar kan slitasje på terreng bli så stor at han truar verneverdiane. Fersel langs eksisterande stiar vil ikkje vere eit problem. Auka ekstremnedbør som følgje av klimaendringar kan føre til at områder som ikkje er sårbare i dag vert meir utsett for erosjon og slitasje på vegetasjonsdekke.

Nye former for friluftsliv og bruk av naturen kan føre til bruk av område som har vore utilgjengelege. Eit døme på dette er Via Ferrata-vegar i fjellvegger der det er hekkande rovfugl.

I Buer er det noko slitasje på sti og tilretteleggingstiltaka på stien opp til Buerbreen. Dette vert det jobba kontinuerleg med for å forbetre. Der er forventa ein auke i talet besøkande i Buer, etter at parkeringskapasiteten er utvida og det er eit stort ønske om å spreie besøkande frå Trolltunga i Odda.

Dei største innfallsportane er også nytta av beitedyr i heile sommarsesongen. Aukande bruk av områda kan gje utfordringar knytt til husdyr og stor fersle av folks om ikkje har røynsle med husdyr som går ute.

Kva moglegheiter vert det peika på i kunnskapsgrunnlaget?

Vi kan styrke verneføremålet ved å kanalisere og informere betre. Vi kan også gjøre opplevelingane til brukarane betre ved å minske trykket og avtrykket i landskapet.

I nokre område har det oppstått nye behov som følgje av endra bruk av områda. Eit døme på dette er at det bør det bli meir fokus på å dekke behovet for infrastruktur og servicetiltak for langtreisande dagsturistar på tur (toalett og parkeringsplassar). Toppturar på ski har også skapt behov for fleire parkeringsplassar på stader som før var mindre besøkte.

Betring av infrastruktur i nokre område rundt Folgefonna vil vere tiltak som betrar dei besøkande si totaloppleveling av verneområdet og vil vere ein klar fordel for reiselivet. Med høgare kvalitet på innfallsportane og servicetenester der vil naturbasert reiseliv få seg eit løft for heile regionen.

Mange av ferdelsvegane inn mot Folgefonna har ei veldig høg tolegrense for slitasje frå besøkande. Om folk opptrer innafor vernereglane og ikkje kjem for mange på ein gong så toler desse områda høg fersel med eksisterande tilrettelegging. Her er det viktigaste å ta hand om flaskehalsar og sørge for riktig og god informasjon til dei besøkande på plassen.

Det er nokre område der det har blitt brukt mykje pengar på tilrettelegging i forhold til besøkstal. Men desse områda er likevel godt besøkt i forhold til liknande område i andre verneområde. Det som viser mest er at områda med veldig høge besøkstal ikkje har fått tilsvarende god tilrettelegging og lir under dette. Her gjeld det som nemnt over å sørge for å identifisere problemområde og flaskehalsar og sørge for at desse vert utbetra.

5. Målsettingar

Mål med besøksforvaltinga

Ut frå kunnskapsgrunnlaget og ynskjer for utviklinga i og rundt verneområda har Folgefonna nasjonalparkstyre sett nokre overordna mål med besøksforvaltinga verneområda.

- Ta vare på verneverdiane i verneområda og natur- og kulturverdiane i randsona
- Gje dei besøkande ei god oppleving
- Legge til rette for verdiskaping i lokalsamfunna rundt verneområda

Det er i tillegg formulert konkrete mål for fire fokusområde:

Mål for verneverdiane

- Styrke og ta vare på verneverdiane
- Ta vare på og synleggjere utvalde kulturminne i verneområda
- Oppleving av landskapet skal ikkje bli skjemt som følgje av auka bruk

Mål for reiselivet og besøkande

- Besøkande skal få gode opplevingar i verneområda som er tilpassa deira ønskjer og forventingar
- Besøkande skal få god og tilpassa informasjon om verneområda i alle ledd av kundereisa
- Gjere reiselivet og besøkande meir medvitne om verneområda
- Legge til rette for betre samhandling mellom reiseliv og forvaltinga
- Å leggje til rette for å utvikle berekraftige og framtidsretta reiselivsprodukt
- Besøkande skal få god informasjon om korleis dei skal te seg i naturen og i verneområda

Mål for lokalsamfunna

- Skape stoltheit og begeistring for verneområda hjå lokal busetting og lokale bedrifter
- Bidra til å kunne auke lokal verdiskaping i bygdene rundt verneområda
- Bruke merkestrategien for Norges nasjonalparkar
- Ta vare på næringsutøving som landbruk, jakt og fiske i verneområda

- Aktivitetar og tilrettelegging må ikkje vere i strid med verneføremåla eller skape unødige konfliktar med landbruks- eller friluftslivsinteressene i området.

Mål for born og unge

- Fleire born og unge skal få høve til gode opplevingar i verneområda, og få meir kunnskap om friluftsliv, natur- og kulturtanhøve og lokal haustingskultur, som skal gje naturglede og auka forståing for vernet

6. Strategiar

Det er formulert nokre strategiar som skal sikre at ein når målsettingane.

Nasjonalparkstyret ønskjer at tiltak og tilrettelegging har ein balansert geografisk fordeling med fokus på tilrettelegging der det er mykje besøk. Difor bør ein prioritere tiltak i desse områda:

- Sommarskisenteret i Jondal
- Reisete
- Buer
- Bondhus
- Rosendal
- Langfoss

Felles strategiar for verneverdiar, besökande og verdiskaping

1. For å kunne gjennomføre ønska tiltak må det samarbeidast med alle medverkande aktørar. All ferdsl i verneområda startar utanfor, difor er det heilt avgjerande for å kunne kanalisere ferdsl at dette skjer gjennom eit utstrekkt samarbeid med mange ulike aktørar for å oppnå ønska resultat.
2. Informasjon må brukast for å auke forståing for og ivareta omsyn til sårbare verneverdiar. Sårbare kulturminne må sikrast ved hjelp av informasjon og tilrettelegging i samarbeid med kulturminnestyresmakter.
3. Utvalde stiar må leggjast til rette for å redusere slitasje på terrenget og gjere dei meir framkommelege.
4. Nyte positive verkemiddel gjennom tilrettelegging og informasjon, men i nokre tilfelle vurdere å ta i bruk avbøtande tiltak om naudsynt.

Strategiar for å nå mål for besökande

1. Besökande vil bli kanaliserete ved hjelp av informasjons- og kommunikasjonsplanen og ved å leggje til rette utvalde innfallsportar.
2. Besökande skal få god og tilpassa informasjon for å auke forståinga av verneverdiene og for at dei skal kunne planlegge turar tilpassa deira føresetnader.
3. Klopping over myrer og bruer over bekker langs viktige stiar for å fremje ferdsl og hindre slitasje og sår i landskapet.
4. Det er ønskjeleg å leggje til rette utvalde kulturminne for å auke opplevinga samstundes som kulturminna vert sikra.

5. Moglege konfliktar mellom ulike brukargrupper skal reduserast ved å bruke informasjon for å auke forståinga og å kanalisere brukargrupper i tid og rom.

Strategiar for å nå mål for lokal verdiskaping

1. Nasjonalparkstyret vil ha aktiv dialog og samarbeid med lokalt næringsliv for å medverke til auka lokal verdiskaping, m.a. ved utarbeiding av informasjons- og kommunikasjonsplan, ved utarbeiding av plan for innfallsportar og ved utvikling av fleirdags turtilbod rundt Folgefonna.

Strategi for informasjon

1. All informasjon om nasjonalparken skal følgje Merkevarestrategien for Norges Nasjonalparker, utvikla av Miljødirektoratet. Der vi informerer på line med andre aktørar, både offentlege og private, skal vi søkje samarbeid med desse aktørane for å informere tilstrekkeleg og på ein god måte.
2. Tiltak for å legge til rette og informere skal haldast utanfor eller nært inn til grensene for verneområda og helst i nærleiken til eksisterande næringsverksemder som kan tilby varer og tenester til dei besökande.
3. Informasjon om verneområda skal vere positiv i forma og å ha fokus på å legge til rette for framferd som ikkje skapar konflikt eller går ut over verneverdiene. Der det likevel oppstår konfliktar skal ein ta i bruk avbøtande tiltak med god informasjon om kvifor tiltaka er naudsynte.

7. Tiltaksplan

Tiltaka er konkrete handlingar som er utforma for å nå målsettingane. Tiltaka må vere tilpassa dei ulike brukarinteressene som nyttar verneområda. Når det gjeld konkrete tiltak så er det to viktige premiss som er lagt til grunn:

1. Fokus på verkemiddel som forvaltinga rår over sjølv

Utviklinga av innfallsportane og andre informasjonstiltak som blir omtala i besøksstrategien vil i hovudsak bli finansiert gjennom dei årlege tiltaksmidla frå Miljødirektoratet, og midlar gjennom verdiskapingsprosjektet. Samstundes vil verneområdestyret jobbe for samfinansiering med aktuelle samarbeidspartnerar der det er naturleg. Ved ei slik samfinansiering med kommunar og organisasjonar vil tiltaksmidlane kunne rekke mykje lenger.

2. Drift og vedlikehald av tilretteleggings- og informasjonstiltak

Verneområdestyret ser det som naturleg at samarbeidspartnerar som turlag, friluftsråd og kommunar står som eigar og er ansvarlege for drift og vedlikehald av fysiske tilretteleggingstiltak som kjem på plass innanfor rammene til besøksstrategien. Verneområdestyret vil så langt det er mogleg gje økonomisk støtte til drift og vedlikehald av desse tiltaka. Ein føreset at avtale om drift og vedlikehald ligg føre før igangsetting. Verneområdestyret vil stå som eigar og være ansvarleg for drift og vedlikehald av informasjonsskilt og anna informasjonsmateriell.

Tiltak for å nå måla for verneverdiane

Mål for verneverdiane

- Styrke og ta vare på verneverdiane
- Ta vare på og synleggjere utvalde kulturminne i verneområda
- Oppleving av landskapet skal ikkje bli skjemt som følgje av auka bruk

1. Formidle sentrale verneregler på innfallsportar som har høgt besøk av utanlandske førstegongsbesøkande - gjennom kommunikasjonsplan
2. Informere om sentrale verneregler på heimesider - gjennom kommunikasjonsplan
3. Kartlegge kulturminne og lage ein plan for formidling av utvalde kulturminne i verneområdet
4. Måle ferdselstrykk, slitasje og gjere sårbarhetsvurderingar etter Miljødirektoratet si handbok.
 - a. Kvart 5. år i område med meir enn 3000 besøkande kvart år
 - b. Kvart 10. år i område med mellom 500 og 3000 besøkande i året
 - c. Elles om det vert oppdaga teikn på slitasje
5. Gjennomføre ny brukarundersøking innan 10 år for å kartlegge besøkande si oppleving av landskapet
6. Utarbeide ein plan for merking og opparbeiding av vegar, stigar, bruer og ferdsselsvegar. Planen skal også omtale område som ikkje bør merkjast.

Tiltak for å nå måla for reiseliv og besökande

Mål for reiselivet og besökande

- Besökande skal få gode opplevingar i verneområda som er tilpassa deira ønskjer og forventingar
- Besökande skal få god og tilpassa informasjon om verneområda i alle ledd av kundereisa
- Gjere reiselivet og besökande meir medvitne om verneområda
- Legge til rette for betre samhandling mellom reiseliv og forvaltinga
- Å leggje til rette for å utvikle berekraftige og framtidsretta reiselivsprodukt

Tiltak for å nå måla for lokalsamfunna

Mål for lokalsamfunna

Skape stoltheit og begeistring for verneområda hjå lokal busetting og lokale bedrifter

- Bidra til å kunne auke lokal verdiskaping i bygdene rundt verneområda
- Bruke merkestrategien for Norges nasjonalparkar
- Ta vare på næringsutøving som landbruk, jakt og fiske i verneområda
- Aktivitetar og tilrettelegging må ikkje vere i strid med verneføremåla eller skape unødige konfliktar med landbruks- eller friluftsinteressene i området.

1. Kommunikasjonsplan - sikre god og tilpassa kommunikasjon over alle plattformer, samt informasjonsplan for dei mest brukte innfallsportane
2. Ha årlege møte og samlingar/vertskapskurs for reiselivet tilknytta Folgefonna med tema som
 - a. Samhandling
 - b. Felles utfordringar
 - c. Moglege konfliktpunkt
 - d. Besökande si kundereise og oppleveling av reisa
3. Nasjonalparkstyret skal bidra med kunnskap om verneområda og rettleie reiselivsbedrifter ved utvikling av nye reiselivsprodukt knytt til Folgefonna
4. Halde oversikt over omfang og type organisert verksemd og prøve å styre aktivitetane gjennom rettleiing og medverknad. Forvaltingsstyremakta skal halde kontroll med større arrangement og organiserte turar som eit førebyggjande tiltak mot slitasje og skade.

1. Arrangere folkemøte i alle bygder med fokus på kva vern av Folgefonna betyr
2. Nasjonalparkstyret skal vere ein samarbeidspartnar og bidra til at lokale verksemder kan nytte vernestatusen og merkestrategien på ein måte som ikkje forringar status eller verdi av vern av Folgefonna
3. Nasjonalparkstyret skal sikre god dialog med grunneigarar og rettshavarar og reiseliv for å hindre konfliktar mellom dei ulike interessene i området

Tiltak for å nå måla for born og unge

Mål for born og unge

- Fleire born og unge skal få høve til gode opplevingar i verneområda, og få meir kunnskap om friluftsliv, natur- og kulturtilhøve og lokal haustringeskultur som skal gje naturglede og auka forståing for verdiane i verneområda.

1. Lage opplegg for nærturar med informasjonsmateriell retta mot born og unge i samarbeid med besökssenteret nasjonalpark Folgefonna, med ulike tema:
 - a. Verneverdiar
 - b. Historisk bruk og kulturminne
 - c. Naturmangfold
2. Nasjonalparkstyret og naturrettleiar ved besökssenteret lagar eit undervisings- og informasjonsprogram for born og unge ved skulane i alle Folgefonna-kommunane, som skal formidle verneverdiane

Konkrete tiltak knytt til innfallsportar

Innfallssportane er eit av dei viktigaste verkemidla for å formidle vernet til dei besøkande, anten dei berre er på gjennomreise eller planlegg turar inn i verneområda. Vi kan sjå på innfallssportane som summen av all utandørs tilrettelegging rundt verneområda. Dei skal ligge i randsona til vernet, utanfor vernegrensa. Innfallssporten skal gi den besøkande ein klar oppfatning av føremålet med nasjonalparken. Språk: Tydeleg - kortfatta - positiv.

Det er tre ulike typar innfallsportar som Miljødirektoratet skil mellom og dei er kort skildra under.

Informasjonspunkt

Heilskapleg utandørs informasjon om verneområda til dei besøkande. Er aktuelt i tilknyting til alle nasjonalparkar, og er naturleg å lokalisere saman med stoppestader for andre aktørar, til dømes ved rastepllassar, utsiktpunkt, bom osv. Informasjonspunkta skal vere tilpassa alle brukargrupper, med informasjonstavler og skilt avklart i ein informasjonsplan.

Startpunkt

Startpunkt er mest aktuelt for nasjonalparkar med eit etablert stinett. Desse er meint for besøkande som skal ut på vandring i verneområda, og skal ligge ved naturlege startpunkt for turen, ofte langt frå hovudvegnettet. Startpunktet skal vere avklart i forvaltingsplanen og tilknytta etablerte stiar som er identifiserte som prioriterte. Dei skal bestå av parkering og informasjon retta mot turgåaren.

Utkikkspunkt

Aktuelt ved nasjonalparkar med høge besøkstal, stor attraksjonskraft og det er naudsynt at områda har høg tolegrense. Det er store krav til tomt. Utkikkspunktet skal vere ein attraksjon og eit besøksmål i seg sjølv. Punktet må vere eit eigna utgangspunkt for nærturar og opphold ved punktet. Nærleik til ein hovudveg er ein føresetnad, med god visuell kontakt med verneområdet. Eit utkikkspunkt bør innehalde parkering for minst 70 bilar, ein 30 minuttar nærområdetur på gangsti, eit utkikkspunkt. Det skal vere mogleg å drive naturvegleiing med utgangspunkt i anlegget og alt av sanitæranlegg må vere på plass.



Breibablik turisthytte vart bygd i 1893 og er den eldste av turisthyttene rundt Folgefonna. Foto: Astrid Bakke Haavik

Vedlegg



Menneska vert små i møte med brefallet i Buerdalen, den mest besøkte innfallsporten til Folgefonna nasjonalpark.
Foto: Astrid Bakke Haavik

1 Skildring innfallsportar

NAMN	KOMMUNE	Omtale
Møsevatnet	Kvinnherad	Ved den øvste dammen i Blåfallutbygginga, på 900 moh., har Sunnhordland Kraftlag (SKL) bygd ein liten parkeringsplass og rastepllass med informasjon om dammen og utbygginga. Her har ein utsikt rett inn i brearmen Møsevassbreen som kalvar ned i vatnet. Her går også grensa til nasjonalparken. Utgangspunkt for t-merka tur til Svelgabreen. Også utgangspunkt for kajakkтурar på Møsevatnet. Forvaltingsstyremakta har sett ut skilt om farar ved kalvande isbre på parkeringsplassen. Møsevatnet er marknadsført som destinasjon for bilturistar frå turistkontoret. Dei organiserte padleturane på Møsevatnet har fått mykje merksemad i reiselivspressa. Her har turistkontoret valt å halde fokus på dei organiserte turane, då det ikkje er trygt å padle her utan spesialutstyr som tørrdrakter og god kunnskap om breen.
Landa	Kvinnherad	Utgangspunkt for turar til Vardafjell på grensa til nasjonalparken og Aursdalen. Området er mykje brukt av lokale, men ikkje marknadsført i annan grad enn å vere ein del av turstiprosjektet i Kvinnherad.
Guddal	Kvinnherad	I Guddal går det grusveg nesten til grensa for nasjonalparken. Det går ein umerka sti inn i dalen til Hildalsvatnet og Faurlia. Området er mest brukt av lokalkjende. Frå Guddal går det også sti opp til Gamlestølen og vidare til Skeisfjeld og Malmangernuten. Ein liten parkeringsplass omrent 300 m innover grusvegen.
Skeie	Kvinnherad	Den mest brukte stien til Malmangernuten 890 moh startar på Skeie. Stien er også skilta frå Rosendal. Årleg går det om lag 3000 menneske opp til Malmangernuten. Delar av stien er opparbeidd med sherpatrepper. Stien er merkt og vert mykje nytt av både tilreisande og lokale.
Rosendal	Kvinnherad	Frå Rosendal sentrum har ein god kontakt med verneområda. Her er det informasjonstilbod ved turistinformasjonen på Folgefonsenteret. Det er planlagt eit skiltprosjekt som vil skilte til populære turar som rundt Hattebergsfossen, Melderskin og Malmangernuten frå sentrum. Det er ingen skilting om verneområda i sentrum i dag. Det er mange parkeringsplassar spreidd over fleire plassar og ikkje nokon klar stad å sentrere informasjonen rundt. Steinparken i Rosendal er eit undervisningstilbod til fastbuande og tilreisande, der ein får innblikk i jordas geologiske historie og lokal geologi. Her er det også informasjon om Folgefonna nasjonalpark og geologien i verneområda. Parken vart bygd opp med støtte frå Besøksenteret og forvaltingsmynda.
Hattebergsdalen	Kvinnherad	På Fossberg er det nokre få parkeringsplassar. Her kjem ein rett inn i Hattebergsdalen landskapsvernombjørga. Anten kan ein gå grusvegen innover på nordsida av Hattebergselva inn til Murabotn eller ein kan krysse elva og gå ein flott tur på umerka sti innover langs sørsida av elva. Her er det merka sti til Skeidsfjeld og Malmangernuten. Det er også umerkte stiar til Bjørndal, Laurdalstind og Andersfjell. Dette er òg startpunkt for dei som går over Bjørndalstindane. Hattebergsdalen er også den mest mykje nytt nedfarten for Folgefonna på langs på ski.
Kletta	Kvinnherad	Kletta er starten på turen til Melderskin for mange. I 2018 var det mellom tre og fire tusen som tok gjekk stien opp mot Melderskin. Her kan også ein gå grusvegen inn til Myrdalsvatnet og slik komme seg vidare inn i nasjonalparken. Det er også mogleg å leige nøkkelen til bommen og køyre inn. Kletta er som Skeie veldig mykje brukt av både tilreisande og lokale turgårarar til kvardagsturar og som utgangspunkt for lengre turar. Det er populært med toppturar på ski inn i nasjonalparken frå denne innfallsporten, særleg til Omnatind og Bjørndalstindane. På Kletta er parkeringsplassen vesentleg utvida seinare år og det er planar om å doble kapasiteten vidare. Her er det informasjon om turstien til Melderskin, men ikkje informasjon om verneområda. I brukarundersøkinga frå 2018 skil Kletta seg ut som eit startsted for toppturar for erfarte turfolk.
Nes	Kvinnherad	Frå Rosendal og Nes går den mest populære turstien i Rosendal til Sjethaug. Her får ein vidt utsyn over fjorden og fjellområda. Det er merka sti vidare innover fjellryggen til Nordlifjell og grensa på nasjonalparken. Stien er godt brukt både sommar og vinter. Her er det mykje lokale som går men det er også ein av dei enkleste turane i området for tilreisande. Skålafjell er også eit populært turmål med flott utsikt som ein kan gå til frå Nes, frå Rosendal eller frå Bjørke. Alle vegane er merkta.

Neslia	Kvinnherad	Frå Neslia går det skogsveg til Sjethaug. Stien er merka, og er nok mest brukt av lokale.
Geitebu	Kvinnherad	Her er ein liten parkeringsplass og merka sti opp til Strandasætret. Her kan ein komme seg vidare opp på ryggen og stien til Nordlifjell. Stien er nok mest brukt av lokale.
Ænes	Kvinnherad	Frå Ænes kan du gå langs grusvegen inn til Ænessetret og vidare inn i Ænesdalen landskapsvernområde. Det er også aukande interesse for toppturar frå Ænes til Gygrastol (1339 moh.) på seinvinteren og våren. Folgefonna nasjonalparkstyre ga støtte til bygging av ny parkeringsplass på Ænes i 2016, då eksisterande p-plass var på privat grunn og i konflikt med grunneigarinteressene. Det er stort behov for sanitæranlegg og informasjon på parkeringsplassen.
Fureberg	Kvinnherad	På Fureberg er det ingen opparbeidd parkeringsplass, men det er mogleg å parkere ved hovudvegen for nokre få bilar. Her kan du gå eit stykke på traktorveg før du kjem inn på umerka sti i Furebergsdalen og ein kjem raskt inn i nasjonalparken og urørt natur. Det er relativt få som nyttar området
Kroka	Kvinnherad	Det er heller ikkje opparbeidd parkering på Kroka. Det er ikkje merka stier herifrå heller. Du kan gå bratt stigning opp Krokadalen før du kjem inn i nasjonalparken. Området er lite brukt.
Bondhus	Kvinnherad	Sundal, Bondhus og Bondhusdalen har vore ein viktig turistdestinasjon sidan cruiseturismen på Vestlandet starte på midten av 1800-talet. Turistane kom då som no for å oppleve breen og brefalla. Isvegen opp til Bondhusvatnet vart bygd i 1863 for å frakte is med hest og kjerre ned til fjorden. I 1890 stod Gardshammarvegen ferdig. Denne vegen er bygd med handamakt, som ein gang- og ridesti. Føremålet med stien var å frakte turistar til Folgefonna og stien vart delvis finansiert av utanlandske og norske investorar, i tillegg til stor dugnadsinnsats frå lokalbefolking.
		Grunneigarane godtok følgjande klausul: « <i>Benyttelsen av rideveien skal til enhver tid vere fri for alle og enhver. Endvidere forplikter vi os og kommende eiere av vore bruk til at skaffe reisende gode, oppsæddlede ridehest i et antal af intil 8 – otte daglig – fra Sundal til Folgefonden og videre slædeskýds over fonnen, samt, om forlanges, førere ned til Odda, alt etter de av Den Norske Turistforening fastsatte taxter og bestemmelser.</i> ».
		I dag er det laga til ein stor parkeringsplass på Bondhus og det er godt skilta langs vegen til Bondhusvatnet, vidare inn til Bondhusbreen og opp til turisthytta Fonnabu. I 2018 var det om lag 13 000 personar som gjekk inn dalen i perioden frå 19. juni til 3. oktober. Åleg er det nok nærmere 20 000 som besøker området. I brukarundersøkinga frå 2018 var 70 % av dei besøkande utlendingar, men området hadde også det høgaste talet på lokale besøkande, så området er populært blant alle grupper.
		Det er informasjonspunkt med skilt ved parkeringsplassen, ved stidele mot Gardshammarvegen/Fonnabu, ved enden av Bondhusvatnet og ved byrjinga på Gardshammarvegen. Desse skilta har tematisk informasjon om historikk og naturen alt etter kor dei er plasserte. Blant anna er ein plakat ved Bondhusvatnet via til korleis breen har trekt seg tilbake ved å vise biletet med same utsnitt frå dei siste hundre åra.
		Parkeringsplassen her vart betydeleg oppgradert og utvida i 2010 med støtte frå forvaltingsstyresmakta. Her er det plass til om lag 50 bilar og to turistbussar om gongen. Det er likevel nokre konfliktar knytt til denne innfallsporten. Det er ofte fullt på parkeringsplassen og då parkerer folk framfor tilkomst til landbruksvegane og sperrer bruken av desse.
		Toalett vert drifta av lokale i sommarsesongen. Det er Friluftsrådet Vest som dekkar drifta. Det er også mykje boss som vert tømt her av tilreisande og renovasjonen vert teke hand om av private og finansiering frå kommunen og Friluftsrådet Vest.

Rennedalen	Kvinnherad	Anleggsvegen frå Austrepollen og opp til Rennedalen er open for fri ferdsel. Det er parkeringsplass til eit par biler her. Det går ein umerka sti opp til stien til Fonnabu herifrå og det er utgangspunkt for andre turar i fjella her. Området er nok mest brukt av lokale.
Austrepollen	Kvinnherad	Austrepollen er trafikkknutepunkt mellom Odda, Jondal og Kvinnherad. Her er det haldeplass for bussen og regionale bussruter har ofte bussbytte her. Det er ingen informasjon om verneområda her. Dei gamle ferdsselsvegane opp Hardingeskaret, til Mysevatnet og til Rennedalen er tilgjengelege frå Austrepollen og der kjem ein i nærbane med verneområda.
Jukla kraftstasjon	Kvinnherad	<p>Frå Nordrepollen går det ein open anleggsveg heilt opp til dammen på Juklavatn på 1000 moh. Vegen er stengt med bom på Jukla kraftstasjon og her er det lagt til rette for besøkande med parkering og informasjon. Det er merka sti opp til Svelgabreen, og dette er ein av dei lettaste turane tett på breen i høgfjellet.</p> <p>Vegen opp til Jukla/Markjelke og stien vidare til Svelgabreen er tilrettelagt som ein Geosti. Der ein vha ei brosjyre kan få informasjon om den geologiske utviklinga i området og følgje dei kvartærgeologiske avsetningane opp til Svelgabreen.</p> <p>Området blir marknadsført av Besøkssenter Folgefonna og vert nok brukt av ein del tilreisande, men også lokalbefolking. Det er ikkje store besøkstal her kvart år. Vegen opp kan vere krevjande og ein er avhengig av samarbeid med Statkraft som gjer alt vedlikehald på vegen.</p> <p>Geostien frå Nordrepollen og opp til Svelgabreen er eit besøksmål i regi av besøkssenteret.</p>
Sommarskisenteret	Ullensvang	<p>Sommarskisenteret i Jondal ligg på ein brearm av Nordfonna som er teke ut av nasjonalparken. Her går det ein anleggsveg opp til 1200 moh. Vegen vert brøytt til sesongstart på sommarskisenteret i mai/juni og halde open heile sommaren. Her kan ein praktisk talt køyre heilt til brekanten. Det er antatt at omrent 30 000 bilar som kører opp vegen kvart år.</p> <p>Sjølv sommarskisenteret er veldig godt besøkt og besøket har auka kraftig dei siste åra. Det vart i 2018 solgt omrent 25 000 heiskort. Det er ein god del private som besøker anlegget, men også mange idrettslag og landslag innanfor utfør og alpint.</p> <p>Sommarskisenteret er også hovudbase for Folgefonna breførarlag og dei hadde om lag 3500 personar med på guida breføring herifrå i 2017.</p> <p>I tillegg til den organiserte aktiviteten er det mange turistar som kører opp til sommarskisenteret for å sjå høgfjellet og breen utan å delta på organiserte aktivitetar.</p> <p>Det er starta bygging av eit nytt kafébygg/velkomstbygg ved Folgefonsenteret og bygget er forventa ferdig i 2020. Dette bygget vil ivareta fellesfunksjonar for sommarskisenteret og breførarlaget og det er planlagt ein eigen informasjonskrok om Folgefonna nasjonalpark. Bygget vil auke restaurantkapasiteten og toalettkapasiteten vesentleg og vil truleg bli ein attraksjon i seg sjølv.</p>
Bottsvatn	Ullensvang	Det går veg frå Jondal opp til stølsområdet ved Bottsvatn. Desse stølane vart brukt av folket på austsida av breen og her startar du på Buførevegen og pilegrimsvegen til Reisete ved Sørfjorden. Denne stien vart vesentleg opprusta som ein del av verdiskapingsprosjektet rundt Folgefonna. Det er om lag 3000 menneske som årleg går stien opp frå Bottsvatn, på kortare eller lengre turar.
Jondal	Ullensvang	Jondal er nasjonalparklandsby og ved Juklafjord er det turistinformasjon og informasjon om Folgefonna nasjonalpark drive av Folgefonna breførarlag. Det er ein god del gjennomfartstrafikk i Jondal. Sjølv bygda har ikke like god visuell kontakt med verneområda som Rosendal og Odda. Men med landsbystatus og som hovudsete for dei to største reiselivsaktørane som driv på breen, så er det naturleg å informere om nasjonalparken her.

Reisete	Ullensvang	På Reisete startar den austlege delen av Buførevegen. Her er det ein liten parkeringsplass til turgårar og informasjonsskilt om plassen og verneområda. Det går rundt 3000 i året på sherpatrappene opp Reiseterlia. Området er marknadsført av besøkssenter og turistinformasjon så det er nok ein del tilreisande som kjem hit, i tillegg til lokale turgårar. Her ser ein opp på breen.
Måge	Ullensvang	Sti opp til Hanakamb. Usikker på bruk, parkering og tilstand på stien.
Kvitno	Ullensvang	Sti opp til Raundalen/Hanakamb. Usikker på bruk. Parkering ved hovudveg og stien er skilta oppover til vatnet.
Åse	Ullensvang	Sti opp til Raundalen/Hanakamb. Usikker på bruk, parkering og tilstand på stien.
Tokheim	Ullensvang	Rasteplassen på Tokheimslia er starten på den austlege delen av Turistvegen over Folgefonna. Her er eit stort informasjonspunkt med informasjon frå nasjonalparken og kommunen. Dette er også den einaste plassen der det skilta til Folgefonna nasjonalpark frå vegen. Ridestien til Støladalen vart totalrestaurert i 2002. Informasjonstavlene her treng ei oppgradering, og kunne hatt godt av å ha same avsendar på alle. Det er toalett som er ope i sesong og det vert drifta av Odda kommune.
Odda	Ullensvang	Sjølve Odda sentrum har god visuell kontakt med Folgefonna nasjonalpark. Odda er også nasjonalparkkommune, utan at dei har marknadsført dette mykje. Turistinformasjonen i Odda har ein del informasjon om nasjonalparken som ein del av desentralisert besøkssenter. Det er ingen turar inn til nasjonalparken som er skilta frå Odda sentrum per i dag.
Strond	Ullensvang	På garden Strond ved Sandvinsvatnet går den gamle stølsvegen opp for gardane på Strond og Jordal. Området er nok mest brukt av lokale.
Buer	Ullensvang	Buer er det området med desidert mest besökande inn i verneområda. Som Bondhusdalen strekk turismen her seg tilbake til midten av 1800-talet. Frå parkeringsplassen på Buer gard er det nokre knappe hundre meter før du treff vernegrensa for Buer landskapsvernområde. Her har det vore stort press i mange år. Tilkomstvegen er lang og smal og parkeringa har fylt seg raskt opp på sommardagar, noko som har skapt mykje kaos med biler som må snu og møtande trafikk på den smale vegen. Som ei løysing på dette utan å stenge dalen har grunneigarane på det eine bruket inngått ein avtale med kommunen om å krevje bompenge på parkeringa mot at dei aukar parkeringskapasiteten og held ved like vegen og stien til Buerbreen om sommaren. I tillegg skal grunneigarane sørge for tilfredsstillande toalett til dei tilreisande. I brukarundersøkinga frå 2018 fekk ein inn over 4500 svarskjema frå Buer og 95 % av desse var frå utlendingar. Området hadde også desidert høgst del av førstegongsbesökande og folk med lite turkunnskap. Her er det behov for eit informasjonstilbod som Det er no sett i gong arbeid med å etablere eit tilfredsstillande sanitæranlegg for besökande til Buer.
Eidesåsen	Ullensvang	Det går mange stiar frå byggefelta på vestsida av Odda og oppover mot Eidesnuten. Her kan du også gå vidare innover i Buer landskapsvernområde. Nokre stiar er merkte, men her er det nok stort sett lokale som går, både til topps og på nærtur.
Sandvin	Ullensvang	Det er mange stiar som er teikna inn på kartet som leier inn mot nasjonalparken mellom Odda og Skare. Dei fleste av desse er nok lokalt nyttta, men ikkje alle vert brukt like mykje.
Grønsdal	Ullensvang	Usikker på bruk, parkering og tilstand på stien.
Vetrhus	Ullensvang	Usikker på bruk, parkering og tilstand på stien.
Espeland	Ullensvang	Espeland er den mest nyttta tilkomsten for alle som køyrer snøskuter inn i Folgefonna nasjonalpark. Det er også eit fint utgangspunkt for turar i nasjonalparken til fots eller på ski.
Vassvik	Ullensvang	Det går umerka sti inn i nasjonalparken herifrå

Bergstø	Etne	Frå Bergstø går det sti inn i nasjonalparken og det er mogleg å gå til Sauabrehytta.
Langebu	Etne	Frå Langebu kan ein gå inn i Langebudalet naturreservat og vidare inn i nasjonalparken. Det er nok ikkje brukt.
Rullestad	Etne	Rullestad er eit besøksmål for besøkssenteret. Her kan ein gå tur til jettegrytene som er blant dei største i Nord-Europa. Det er også laga ein steinpark ved campingplassen som viser geologien i området og som informerer om Folgefonna nasjonalpark. Det går ein sti langs Smielva som ein kan følgje vidare innover mot nasjonalparken. Det er truleg få som går inn i verneområda herifrå.
Langfoss	Etne	Langfoss langs E 39 er ein av dei mest besøkte besøksmåla rundt Folgefonna. Frå rastepplassen på Langfoss ser ein rett over fjorden og rett inn i Folgefonna nasjonalpark der vernet går heilt ned til fjorden. Det er planlagt ein utbetring av anlegget på Langfoss som også inkluderer betre informasjon om nasjonalparken.
Eikemo	Etne	Eikemo er ein veglaus bygd på nordsida av Åkrafjorden. Her går det ein sti over til Sandvikedalen. Det er noko turisme på Eikemo, knytt til gardsdrifta og stølane. Som ein innfallsport til verneområda er nok bruken lokal.
Nordrepollen	Kvinnherad	Ved Nordrepollen før innslaget til Jondalstunnellen er det laga ein stor rastepplass med toalett og informasjon. Denne plassen er ikkje mykje i bruk.
Agatunet	Ullensvang	Agatunet er eit besøksmål knytt til besøkssenteret der det er sett opp ein portal for nasjonalparken. Her har ein utsikt inn i nasjonalparken.
Eitrheim	Ullensvang	Det går skogsvegar og sti opp frå Eitrheim og ein kan gå opp på Dalssete og Ruklenuten herifrå. Det er ikkje kjent kor mykje området er brukt for å gå inn i verneområda.
Herand	Ullensvang	Herand er ei grend i Jondal kommune som er eit av besøkssmåla for besøkssenteret. Herand har eit kulturhistorisk senter og informasjonsskilt om Folgefonna. Det er langt til vernegrensa frå Herand, så det er lite truleg at turgåarar bruker staden som utgangspunkt for turar inn i verneområda.

2 Merknadsskjema



Folgefonna nasjonalparkstyre

NOTAT

Sak:
Besøksstrategi Folgefonna

Vår dato:
22.04.2020

Vår ref.:
2020/446

Til:
Saksbehandlar, innvalstelefon
Jostein Klette

Kopi til:

Samandrag innkomne merknadar

Notatet syner innkomne merknadar og innspel til høyring av besøksstrategien. Høyringsperioden var fra 21.01 til 23.03.20. Grunna ein uventa ressursutfordring knytt til koronasituasjonen har fleire kommunar bede om utsett høyringsfrist. Det er difor gjeve utsett frist til alle som har ønska det, med siste frist til 01.05.20.

Det er kome inn 14 innspel og merknadar. Desse er kort lista opp under og kommentert.

Samandrag av merknadane

Det er nokre punkt som går att i dei ulike merknadane. Desse er kort samanfatta:

1. Betre informasjonsskilting om stiar, bålforbod, aktsemd knytt til ferdsel og husdyr og generell informasjon om ferdsel i natur.
2. Styring av telting i og inn mot verneområda gjennom tilrettelegging av teltplasser og tydleg skilting og merking av desse.
3. Betre sanitære tilhøve og fleire bos-spann.
4. Utbetring og auka kapasitet av p-plasser på enkelte innfallsporter.

Nr	Avsender	Innspel	Merknad
1	Odda turistinformasjon	<p>1. Tokheim/Egne Hjem: Er det komein ein avklaring på bruk av p-plass og toalett, jf. usemjø med grunneigar?</p> <p>2. Eidesnuten: Er ein populær tur for både lokale og turister.</p> <p>3. Strand/Sandvin: Tur til Jordlasstølen og Reinanuten vert meir populær. Bør utgreiaast meir. Camping er mogleg ved Jordalsstølen men bør utgreiaast meir.</p>	<p>1. Nei, dette er i utgangspunktet ei usemje mellom kommune og grunneigar.</p> <p>2. Eidesnuten, tatt til orientering.</p> <p>3. I høve til friluftslova er det lov å telte innan visse rammer. Det må gjerast ei vurdering om ein skal sjå på lokalisering av tilrettelgade plasser for telt.</p>
2	Robert Mehl	<p>Innspel knytt til Nipeskar, Øvre Myrdal og Omnatind. Området med gode fjellbeite. Krevjande og uoversiktleg terrengråvåg å sanke sau i. Det er därleg og ingen mobildekning. Området har blitt meir og meir populært som turområde for både tilreisande og lokale.</p> <p>Kune vore sett opp ei sikringsbu/sanke bu for både landbruksføremål og til bruk for turfolk. Sauebønder må ha fortrinnsrett ved sanking og tilsyn. Hytte skal vera mindre enn 30 m² og skal ligge strategisk lokalisert i terrenget (<i>ligg vedlagt lenke til kart som ikkje fungerar</i>).</p>	Tiltak knytt til næring ligg utanfor føremålet med besøksstrategien. Vert ikkje vurdert i denne strategien.
3	Karina Sjurstræ og Erlend Rosseland	<p>Betrakteleg auke av ferdsel rundt heimen, i fjell og beiteområde. Opplista kva einoppfattar manglar og tiltak som bør gjennomførast:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ynskje om gjennomgang av fartsgrense Jordal/Strand og Buer. - Manglar søppelspann langs vegen Jordal, Buer og Strand. Bør setjast opp fleire langs veg, p-plass m.m. - Ingen toalett i området Strand, Jordal og Buer. Må på plass. - Smal veg med få møteplasser. Utfordrande for transport, gardsarbeid og slått. Stor belastning på vegnettet, og det bør på plass fleire møteplasser. - Bør setjast opp informasjonstavler om beitedyr, bandtvang, ferdsel og åtferd knytt til ferdsel i beiteområde. - Tilkomst til fjellområde. Er utfordrande for fastbuande og vitje eigne fjellområde grunna mange turistar. Ynskjer tilrettelegging slik at fastbuande kan nå fjellområda til tross for mange turistar. Svært viktig for lokale å nå fjellområda i samband med tilsyn av beitedyr med meir. Parkeringstilhøva på dei ulike innfallsportane er til tider lite tilgjengeleg for lokalbefolkninga. 	<p>1. Fartsgrense er eit kommunalt eller eit fylkeskommunalt spørsmål, vil ikkje vera eit tema for denne strategien.</p> <p>2. Søppelspann langs veg vil vera eit kommunalt evt fylkeskommunalt anleggande.</p> <p>3. Må vurdera å sjå på infrastruktur knytt til sanitæranlegg.</p> <p>4. Tilhøve knytt til veg er eit kommunal evt fylkeskommunalt anleggande.</p> <p>5. Skal lagast ein plan for informasjon og skilting, vil sjå på skilt om beitedyr, ferdsel med meir.</p>

4	Guddal dalsveg SA	<p>Peikar på at besøksstrategien i liten grad nemner Guddalsdalen. Bruken av området som innfallsport til nasjonalparken aukar år for år. Her er det merkt sti opp på fjellet ved Gamlestølen og lik eins sti inn dalen heilt inn til Hildalsvatnet og vidare til stølane i inste enden. Begge desse vegane er mykje brukte i dag, og med planane om oppgradering av vegen til Gamlestølen vil nok gjestene til denne delen av nasjonalparken i større grad velja denne vegen i staden for vegen opp frå Murabotnen, som er brattare og vanskelegare, men fører til same området. P-plass er overfylt på fine sommardager.</p> <p>Ber om at området vert prioritert som innfallsport i strategidokumentet.</p> <p>Grunneigarane ser positivt på at fleire oppdager naturverdiene i dalen. Veglaget ynskjer ny p-plass på Hønsahaugsletta, og ynskjer at nasjonalparkstyret vert med på dette prosjektet.</p>	<p>Det er ikkje lagt opp til å legga til rette for at Guddalsdalen skal vera ein innfallsport med stort tal besøkande. Det er difor i utgangspunktet ikkje lagt opp til å prioritera større tilretteleggingstiltak her.</p>
5	Hardanger fjordlodge	<p>Tek for seg Bondhusdalen då det er her innsender bur og har sitt virke.</p> <p>Generell tilbakemelding: Det er mye gjentakelse og mange ord som forklarer lite/ det samme. Folk skal lese dette og raskt få et innblikk i strategien. Det er for mye irrelevant informasjon som historie mm. Et arbeid må til for å virkelig stramme inn, konkretisere og korte ned betraktelig.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Utfordrande at besøkande ikkje har kunnskap om verneregler eller enkelt friluftsliv. <ul style="list-style-type: none"> - Problem med forsøpling innover i Bondhusdalen. Bør skiltast om dette. Bør stå søppelsorteringstasjon på p-plass. - Menneskeleg avføring problem oppover dalen. Eksisterande toalett har ikkje lufting, som gjer at det er ubehageleg lukt. Folk tek med seg toalettpapir for å gjera frå seg ute i naturen. 2. Behov for strakstiltak i tilknyting til innfallsport Bondhusdalen. Må lagast ein plan for kommande sesong. 3. Stort besøkstal som gjer press på parkeringskapasitet, sanitærtihøve, <ol style="list-style-type: none"> a) Bør innførast parkeringsavgift og busskorrespondanse til innfallsportanre b) Hovudmålet for besøksstrategien bør vera å ha ein god balanse mellom natur, besøkande, bebuvarar, bønder og lokalt næringsliv. c) Cruiseturister legg lite og ingenting att, bør leggast ein tilleggsavgift på denne typen turisme. 4. Tydleg skilting på alle relevante språk. Ikkje brosjyre men alt bør vera nettbasert eller lokalisert lokalt. 5. Bra med årlege møter mellom reiselivet og nasjonalparkstyret. 	<p>Innspel til utforming av dokumentet er tatt til orientering.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. At besøkande ikkje har info om vernereglane er ikkje i strid med ei juridisk gjeldande forskrift. Ein ser at det generelt er utfordrande å sikre forsvarleg handtering av søppel og andre sanitære anlegg, og det er tatt inn i besøksstrategien under tiltak. Ein jobbar med å sikre betre organisering av Bondhusdalen som innfallsport og vonar at dette arbeidet gjev resultat. Ved å ha ein betre struktur på ansvarstilhøve kan dette gje betre løysingar. 2. Må vurdera om det skal leggast til rette for teltplasser. 3. Besøksstrategien vil ikkje ta stilling til p-avgift, det er opp til eigarar og rettighetshaverar. Cruisenæringa ligg utanfor vårt myndighetsområde. 4. Det skal lagast plan om skilt. 5. Tatt til orientering.

6	Ænes og Mauranger bygdalag	<ol style="list-style-type: none"> 1. Stor utfordring med parkeringskapasiteten. Bør etablera p-plass ved Smalastølen for å auke kapasiteten. Eksisterande p-plass bør utvidast og med p-avgift. Løysing med parkering på skuleplass gjer at borna mistar eit område for leik om sommaren. 2. Gamle lsvegen bør grusast og grøftast slik at det kan nyttast barnevogn og rullestol. Må ha betre kryssing av flaumbekk med ny lokalisering av bru. 3. Betre skilting om parkering, overnatting, turstiar m.m. 4. Eksisterande toalett har därleg lufting. Dette gjer at turistar går på do ute i terrenget. Må utbetrast. Fleire bospenn for å ta hand om søppel. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det vert jobba med å sjå på ei organisering av drift av området og under dette vurdering av p-plasser. Kommunen er myndighet for arealbruk og må vurdera p-plass ved fylkesveg. 2. Tatt til orientering. 3. Ein jobbar med betre skilting og skiltplan. 4. Ein er klar over desse utfordringane og jobbar med å sjå på mulighetar.
7	Kvinnherad turlag	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det er behov for utviding av p-plassar ved Bondhus, Ænes, Kletta og Fossberg 2. Betre toalettfacilitetar er ønskjelege , særleg ved p-plassen på Bondhus og Ænes 3. Skilting og merking for å unngå villcamping på dei mest utsette stadene er ønskjeleg 4. Skilting om bålforbod trengst ved dei viktigaste utfartsstadene, særleg i tørkeperiodar 5. Mange mindre brukte stiar og trasear treng ikkje meir tilrettelegging, skilting eller merking. Turlaget ønskjer ikkje å merka eller skilta nye stiar, men legg vekt på å vedlikehalde dei eksisterande rutene 6. Aukande dagsbesök på hytter krev oppsyn og hyttevakter. Informera besökande om korleis ein brukar turisthyttene både ved dagsbesök og overnatting 7. Aukande erosjon på ein del ruter må inspirerast og tiltak må vurderast 8. Informera og skilta om at ferdslé i nasjonalparken ikkje fører til slitasje, med minst mogleg fotavtrykk 9. informera om risikofylt ferdslé langs brekanten og inn på breen. Informasjon gjeld særleg til besökjande som ikkje er kjend med farane som er knytt til ein bre 10.informera om farane ved padling på Møsevatnet, der vi registrerer aukande tilstrøyming av turistar 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til orientering. 2. Ligg inne i besøksstrategien under tiltak. 3. Ein vil vurdera å sjå på tiltak for tilrettelegging av teltplasser. 4. Ein skal utarbeida skiltplan og ser på kva informasjon det er trong for. 5. Tatt til orientering. 6. Tatt til orientering. Må vurdera om denne typen informasjon er turlaget si oppgåve. 7. Tatt til orientering. 8. Skiltplan skal utarbeidast og det vert tatt stilling til kva informasjon som skal inn. 9. Tatt til orientering. 10. Vert vurdert skilt ved Møsevatnet.

8	Sauanuten beiteland	<p>Det bør leggast betre til rette for fastbuande og lokal verdiskaping. Ein må ta vare busetnaden, kulturverdiane og dei som driv næringa si i Nasjonalparken. Ei av dei største forma for bruk av verneområda er fortsatt beitedyr og lokal verdiskaping. Planen seier det er friluftsliv, men den har ikkje vurdert eller sett på storrelsen av primærnæringa i planen. For å ta vare på busetnaden av bygdene rundt Folgefonna er det viktig å ta vare på den lokale verdiskapinga og kulturverdiane som primærnæringa gir. Beitedyra i Nasjonalparken har stor betydning for å ta vare på floraen, faunaen og landskapet. Utan beite vert det ikkje livsgrunnlag på gardsbruken heller.</p> <p>Peikar på at auka fokus på turisme ikkje er positivt for primærnæringa. Auka turisme er ikkje føremålet med nasjonalparken. Auka turisme gjer negativ verknad for beitedyr.</p> <p>I dokumentet er «randsone» nyatta. Det er ikkje knytt ei randsone til nasjonalparken. Meir merking og bygging av stiar er uehdig.</p> <p>Fleire folk inn vil gje uehdige verknader for beite næringa.</p> <p>Primærnæringa treng tilrettelegging som gjer kvar dagen lettare, slik at ein kan nytte utmarksressursane i primærnæringa.</p>	<p>Besøksstrategien skal vera ein plan for tiltak for å handtera besökande i verneområdet. Dette er ikkje ein plan for primærnæringa eller anna næringsutdoving. Difor er det ikkje tatt inn noko om dette i strategien. Det må peikast på at det er sagt at ein skal legge til rette for lokal verdiskaping, men siden dette skjer på utsida av verneområdet har ein ikkje gått inn i dette.</p> <p>Det er heller ikkje føremålet til strategien å drive med turisme, men å legge til rette for at dei turistane som kjem kan nytte områder der det er lagt til rette for dette. Det er elles heilt korrekt som det er vist til i merknaden at føremålet med nasjonalparken ikkje er å drive med turisme, men det likevel eit faktum at ein opplever ein auka turisme. Då må det gjerast tiltak for å ivareta omsyn til verneverdiane i ljós av dette.</p> <p>Besøksstrategien legg ikkje opp til merking av nye stier. Det er i forvaltingsplanen lagt opp til å legge til rette for at primærnæringa skal kunne drive verdiskaping, så lenge det ikkje påverkar verneverdiane negativt.</p>
9	Friluftsrådet vest	<p>Uttaler seg spesifikt om Bondhusdalen. Det er flest besökande som nytta turområda, difor er skilting viktig.</p> <ol style="list-style-type: none"><li data-bbox="570 997 1432 1092">1. Vegmerking og tilrettelegging av stier og vegar sikrar ei kanalisering av ferdsel vegg frå sårbare områder. Må tilrettelegge slik at bakken ikkje vert utsett for erosjon og utvasking<li data-bbox="570 1100 1432 1195">2. Skilting må setjast opp ved p-plass og det må vera tilstrekkeleg med skilt slik at dei besökande ikkje er i tvil om kvar dei skal gå. Bør vera infotavler om naturfenomen.<li data-bbox="570 1203 1432 1229">3. Bør ha skilting om fare for steinsprang og isfall når ein nærmar seg brearmane.	<ol style="list-style-type: none"><li data-bbox="1484 890 1724 914">1. Tatt til orientering.<li data-bbox="1484 922 1859 946">2. Arbeidar med å få på plass skilt.<li data-bbox="1484 954 1724 978">3. Vil vurdera fareskilt

10	Odda og Ullensvang turlag	<ol style="list-style-type: none"> 1. Infotavler ved p-plass Tokheimslia må oppgraderast. 2. P-plass og toalett ved startpunkt for veg opp Tokheimslia er stengt av grunneigar. Kanskje nasjonalparkstyret kan gjera noko med situasjonen? 3. Holmaskjer er eigmeld av Odda/Ullensvang turlag og ikkje Bergen turlag. Avhengig av økonomisk støtte for å kunne drifta denne. Ynskjer å få på plass ei sikringsbu på toppen. 4. Reinanuten er ikkje nemnd. Ein av dei finaste turane med utsyn over breen. Fleire og fleire lokale og turistar nyttar dei to stiane til toppen. 5. Vegen opp til Eidesnuten til Eidesåsen er under utbetring. Burde vera merka opp til Ruklenuten, dersom lovleg. 6. Turlaget kan ta seg av merking av sti frå Odda – Buer – Jordalsstølen, men treng finansiering til skilt mm. 7. Sti frå Aase til Raundalen er vanskeleg å følgje men ein fin sti. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til orientering. Må på plass langsiktig avtale mellom kommune og eigar først. 2. Dette er i utgangspunktet ein sak som må avklara mellom kommune og grunneigar. 3. Tatt til orientering. Sikringsbu må vurderast i eigen søknad. 4. Tatt til orientering. 5. Tatt til orientering. 6. Må vurderast i eigen søknad. 7. Tatt til orientering.
11	Rosendal elv og utmarksdrag	<p>Stiller spørsmålet:</p> <p>Kva økonomisk ansvar bør enkeltpersonar og verksemder, som driv kommersiell drift på eigedomane som vi eig, ha?</p> <p>Bør ikkje grunneigane ha rett til ei eller anna form for godtgjerdslle når det vert drive kommersiell verksemd, og det vera seg av enkeltmannsforetak eller større verksemder?</p> <p>Dette bør drøftast då det no skal lagast ein plan for korleis utmarka (nasjonalparken) skal nyttast av ålmenta.</p>	<p>Dette er eit spørsmål som fell utanfor besøksstrategien si oppgåve å svare på. Ein vil likevel sei noko generelt om kva rammer friluftslova set for allemandsretten.</p> <p>Føremålet med allemandsretten slik den står i friluftslova er å sikre ålmenta sin rett til ferdsel og opphold m.m. i naturen. Det er ikkje innskrenka til ikkje-kommersiell aktivitet. Forutsetninga for å kunne nytte allemandsretten er at: «Enhver som ferdes eller oppholder seg på annen manns grunn eller på sjøen utenfor, skal opprette hensynsfullt og varsamt for ikke å volde skade eller ulempe for eier, bruker eller andre, eller påføre miljøet skade. Han plikter å se etter at han ikke etterlater seg stedet i en tilstand som kan virke skjemmende eller føre til skade eller ulempe for noen», jf. Friluftslova § 11.</p> <p>Det er ikkje noko generelt forbod mot å nytte allemandsretten på ein inntektsbringande måte, forutsatt at aktiviteten oppfyller friluftslova sine krav. I tillegg må aktiviteten vera i tråd med andre lover og lokale forskrifter. Ein har ikkje teke stilling til privatrettslege spørsmål her.</p> <p>Besøksstrategien vil ikkje kunne fastsetje noko økonomisk kompensasjon til grunneigar for aktivitet i verneområdet.</p>

12	Haugesund turistforening og Bergen og Hordaland turlag	<p>Støtter utspelet til Kvinnherad turlag.</p> <p>Haugesund turistforening eig og driv Sauabrehytta.</p> <p>1. Føreslår at de vert satt opp informasjonstavler på Espeland og Bergstø, slik at besökande er orientert om at dei går inn i nasjonalparken og reglane som gjeld for verneområda</p> <p>2. At det ikkje er merka stiar til Sauabrehytta</p> <p>3. I utkastet til besøksstrategien, s. 17, er det ikkje komplett statistikk for Sauabrehytta. Overnattingstala for Sauabrehytta er 153 (2016), 140 (2017), 184 (2018) og 133 (2019)</p> <p>4. Korridorar for inngrepsfri natur utanfor verneområda i randsona som står i samband med inngrepsfri innanfor verneområdet er viktig å identifisere i besøksstrategien. Viktige randsoneområder er til dømes T-merka rute over Pyttafloene som fører inn i nasjonalparken</p> <p>5. Verneplanen for vassdrag utgjer nasjonale verneverdiar og er viktige for naturbasert reiseliv, friluftsliv og rekreasjon. Overlapp mellom Verneplanen for vassdrag og verneområda bør takast med i Besøksstrategien</p> <p>6. Vi meiner at tradisjonell landbruksdrift er særskilt viktig for å oppretthalde verneverdiene i landskapsvernombråda, og vi meiner det er særskilt viktig at det vert sikra gode kår for tradisjonell landbrukssdrift i området</p> <p>7. Innspel til kartutsnittet «Figur 3» i besøksstrategien. Innfallsport. T-merka rute frå Markjelke – Hundsyra går over Pyttafloene</p> <p>8. Eit forslag til besøksstrategien er at den tek med ein kort omtale av Den europeiske landskapskonvensjonen og Noreg sitt arbeid under konvensjonen. Landskapsverdiene innanfor verneområda og i randsona er særskilt viktige, og har etter vår vurdering tyding for besøksstrategien. På oppdrag frå Klima- og miljødepartementet arbeider Riksantikvaren med å etablere et register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse, som skal dekkja alle fylka i landet. Hordaland fylke har i samarbeid med Riksantikvaren fullført ei kartlegging av «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse». Landskapet «Rosendal», «Indre Sørfjorden» og «Ytre Sørfjorden» overlappar eller ligg i randsona til verneområda i besøksstrategien.</p> <p>9. På s. 17 står det at Holmaskjer turisthytte vert drive av Odda/Ullensvang Turlag. Det korrekte skal vere at Holmaskjer turisthytte er eigd og vert drive av Odda/Ullensvang Turlag.</p>	<ol style="list-style-type: none">1. Vert tatt inn til vurdering.2. Tatt til orientering.3. Tatt inn.4. Tatt til orientering.5. Besøksstrategien skal nyttast til å sjå på korleis ein skal handtera ferdsel og besøk i verneområdet. Føremålet er mellom anna å ta vare på vassdragsnatur, noko som gjer at det ikkje er naudsynt å ta inn verneplan for vassdrag.6. Forvaltningsplanen legg opp til at det skal leggast til rette for tradisjonell landbruksdrift.7. Tatt til orientering.8. Landskapet er verne gjennom dei enkelte verneforskriftene. Den europeiske landskapskonvensjonen er mindre konkret og i mindre grad egna til forvalting av verneområda enn det som ligg i verneforskrift og forvaltingsplan.9. Tatt inn korreksjon.10. Tatt inn korreksjon.
----	--	--	--

		<p>10.Utkastet til besøksstrategien, s. 25, er det ikkje komplett statistikk for Holmaskjer. Talet på registrerte besøkande for Holmaskjer er 170 (2015), 229 (2016) og 175 (2017).</p>
13	Ullensvang kommune	<p>Ullensvang kommune fatta følgande vedtak:</p> <p>KST- 092/20 Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ullensvang kommunestyre bed om at strategien gjennomgåande aukar fokus på Etne og Ullensvang kommune sine delar av nasjonalparken. 2. Ullensvang kommunestyre bed Folgefonna nasjonalparkstyre løfta fram Folgefonnvegen, Buardalen, Reisete/Botsvatn og Bondhusdalen som dei viktigaste innfallsportane til nasjonalparken. 3. Ullensvang kommunestyre bed om at strategien i større grad legg opp til at Jondal og Odda sentrum skal vera synlege og tydelege innfallsportar til nasjonalparken. Dette bør henga saman med merking av stiar og innfallsportar inn i nasjonalparken. 4. Ullensvang kommunestyre oppfordrar til at besøksstrategien tek opp prosjektet Friluftshovudstad i Ullensvang kommune. Tiltak og profilering bør koordinerast og det bør gjennomførast arbeidsmøter mellom nasjonalparkforvaltar og kommunen. 5. Innfallsporten Espeland/Skarsmo bør ha viktighet 4. <p>Det er i saksframlegget konkretisert at:</p> <ol style="list-style-type: none"> A. Det bør leggast til rette for infoskilt ved ferjekai i Jondal. Langs Folgefonnvegen bør det vera betre tilrettelegging med rasteplasser, skilt og toalett. B. Ynskjer at Odda sentrum vert meir tilrettelagd mot innfallsporten i nasjonalparken. C. Stiar, kultursti, nærfriutsområde, samt strandpromenade som bør knytast tettare saman med Buardalen som innfallsport til nasjonalparken. D. Nærstiar som kulturstien Hjøllo-Mansåker bør merkast. For innfallsporten Buardalen bør ein i Odda merka sti frå sentrum langs elvepromenaden, rundt Hovden og vidare langs vegen mot Jordal og Buer. E. Det er ikkje eit ynskje om tilrettelegging ved å utvikle stien til Eidesnuten vidare inn mot nasjonalparken sidan det er eit område for hekkande rovfugl. <ol style="list-style-type: none"> 1. Vert tatt inn og vurdert i den vidare prosessen. 2. Det er eit ynskje om å kanalisera dei store mengdene turistar til Buerdalen, Bondhusdalen, Sommarskisenteret og Langfoss. Reisete vil ikkje verta vurdert som ein av desse siden det er i mindre grad tilrettelagd for store folkemengder. Når dei 4 andre innfallsportane er oppgradert kan ein gjer ei ny vurdering. 3. Både Odda og Jondal er rekna som desentraliserte informasjonspunkt, og der Jondal er nasjonalparklandsby. Ein vil sjå på korleis ein skal gjera desse meir synlege. 4. Ein er samd i at det burde vore meir koordinering. Samstundes så ligg arbeidet med besøksstrategi eit stykke framfor arbeidet til Ullensvang kommune. Det er utfordrande for progresjonen å avvente arbeidet med prosjektet Friluftshovudstad. Ein vil i størst mogleg grad integrera dette arbeidet. 5. Tatt til orientering. <ol style="list-style-type: none"> A. Er i utgangspunktet ikkje nasjonalparkstyret si oppgåve med skilting så lang frå verneområdet. Kommunen bør sjå på om vegavgift kan finansiera rasteplass, toalett mm langs Folgefonnvegen. B. Nasjonalparkstyret vert gjerne med i ein dialog om dette med kommunen. C. Dette bør vera innanfor kommunen sitt ansvarsområde. D. Nasjonalparkstyret står opp om dette tiltaket og vil sjå på om vi kan bidra til ei realisering av dette stiprosjektet. E. Tatt til orientering.

- | | |
|--|---|
| <p>F. Kommunen saknar at det er utarbeidd ein ROS-analyse av turstiane som vert nytta til innfallsportar i samband med utviklinga av besøksstrategien. Kommunen ynskjer også at det skal verta definert når tursesongen startar for alle stiane i Ullensvang.</p> <p>G. Ullensvang kommune er Noreg sin friluftshovudstad. Dette omfattar tiltak og profilering av friluftsliv med utgangspunkt i dei eineståande naturgjevne tilhøva, samt historia, som kommunen har. Prosjektplan for dette arbeidet vil bli oversendt Nasjonalparkstyret før sommaren 2020.</p> <p>H. Det er ikkje brukt riktig kommunenamn, Ullensvang kommune, og ikkje Jondal kommune, Odda kommune og Ullensvang herad.</p> <p>I. Feilskildring på austsida av nasjonalparken; Egne Hjem og ikkje Tokheim.</p> | <ol style="list-style-type: none">1. Vert tatt inn og vurdert i den vidare prosessen.2. Det er eit ynskje om å kanalisera dei store mengdene turistar til Buerdalen, Bondhusdalen, Sommarskisenteret og Langfoss. Reisetravel vil ikkje verta vurdert som ein av desse siden det er i mindre grad tilrettelagd for store folkemengder. Når dei 4 andre innfallsportane er oppgradert kan ein gjer ei ny vurdering.3. Både Odda og Jondal er rekna som desentraliserte informasjonspunkt, og der Jondal er nasjonalparklandsby. Ein vil sjå på korleis ein skal gjera desse meir synlege.4. Ein er samd i at det burde vore meir koordinering. Samstundes så ligg arbeidet med besøksstrategi eit stykke framfor arbeidet til Ullensvang kommune. Det er utfordrande for progresjonen å avvente arbeidet med prosjektet Friluftshovudstad. Ein vil i størst mogleg grad integrera dette arbeidet.5. Tatt til orientering. <p>A. Er i utgangspunktet ikkje nasjonalparkstyret si oppgåve med skilting så lang frå verneområdet. Kommunen bør sjå på om vegavgift kan finansiera rasteplass, toalett mm langs Folgefonna-vegen.</p> <p>B. Nasjonalparkstyret vert gjerne med i ein dialog om dette med kommunen.</p> <p>C. Dette bør vera innanfor kommunen sitt ansvarsområde.</p> <p>D. Nasjonalparkstyret står opp om dette tiltaket og vil sjå på om vi kan bidra til ei realisering av dette stiprosjektet.</p> <p>E. Tatt til orientering.</p> |
|--|---|

F. Ein ROS-analyse vil innebera ein metodikk. Ein kan ikkje sjå at eksisterande metodikk i til dømes plan og bygningslov kan nyttast her. Det må først utviklast ein metodikk og ein må ha kompetanse til å gjennomføre dette. I tillegg vil dette krevje svært store ressursar dersom ein skal gå inn å stiane som vert nytta i dag. Ein ser nytten i eit slikt arbeid men både metodisk, kompetansemessig og ressursmessig vil dette vera svært utfordrande å få til i besøksstrategien. Vi er opne for å ha eit prøveprosjekt i lag med kommunen i samband med deira prosjekt om friluftshovudstad om dette.

Utgangspunktet er at friluftslova gjeld for ferdsel, og at utgangspunktet er at ferdsel er open for alle heile året. Det ligg ikkje inne noko ferdelsavgrensing i verneforskriftene pr i dag. Ein legg heller ikkje opp til dette i besøksstrategien.

- G. Nasjonalparkstyret ser fram til å prosjektplanen.
- H. Vert korrigert.
- I. Vert korrigert.

14	Kvinnherad kommune	<p>Kommunen har fatta slikt vedtak til høyringa: Vedtak frå Plan-, teknikk- og miljøutval den 28.04.2020</p> <p>1. Forslaget til besøksstrategi har ei god innretning og vil verte eit godt verkty for tilrettelegging og kanalisering av ferdsle knytt til Folgefonna nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde.</p> <p>2. Kvinnherad kommune sluttar seg til dei mål, strategiar og tiltak som er føreslått.</p> <p>3. Kvinnherad kommune ønskjer at mål, strategiar og tiltak knytt til tilkomstvegar, parkering og sanitæranlegg i lokalsamfunna ved dei mest brukte innfallsportane vert styrka. Gjerne med betalingsbaserte løysingar.</p> <p>4. Kvinnherad kommune ynskjer strategiar for å oppretthalda kulturlandskapet og hindra gjengroing. Strategien bør styrkast på korleis ein kanalisera turistar inn i aktive beiteområde og konfliktar knytta til det.</p> <p>5. Strategien bør styrkast med omsyn til pandemisituasjonar</p>	<ol style="list-style-type: none">1. Tatt til orientering.2. Tatt til orientering.3. I besøksstrategien er dette fokusområder. Betalingsbaserte løysingar er det grunneigar og kommunen som vegstyresemakt som må avklare.4. Utgangspunktet er å tilrettelegge for tradisjonell landbruksdrift. Ein har ein intensjon om å førebygge konflikter med beiteenæringa. Vert tatt med vidare i arbeidet med strategien.5. Pandemi er eit beredskapsansvar. Kommunane har ansvar for beredskap knytt til dette. Vår vurdering er at beredskap tilknytt besøk i nasjonalparken er utanfor nasjonalparkstyret sitt handlingsrom.
-----------	--------------------	---	--

3 Ferdselsteljarar

Ferdselstellere	Buer	Tokheimslia	Reiseterlia	Botsvatn	Bondhusdalen	Gygrastol	Ænesdalen	Melderskin	Malmangern uten	Skeidsfjell	Nordlifjell
						1500*	3500*				
2009				15000							
2010	10000				9000						
2011	5500		0		9000						
2012											
2013											
2014			2998								
2015	17414										
2016	23142		2782	4272				2103 (turbok)	2987 (turbok)	248 (turbok)	387 (turbok)
2017	23885										
2018		1517			13636			2920 (utpasseringer)	2998 (innpasseringer)		
	Berre innpas- seringer	Innpas- seringer	Total	Total	Innpas- seringer						

* Rapportert muntlig fra Olaf

4 Tiltaksplan

Verneområde	Skildring	Prioritet	Samarbeidsaktørar	Kven gjennomfører	Gjennomførings- periode	Evt intervall
1.1 Tiltak for å nå måla for verneverdiane						
	1. Formidle sentrale verneregler på innfallsportar som har høgt besök av utanlandske førstegongsbesøkande - gjennom kommunikasjonsplan	1		NPS + BS	2021	
	2. Informere om sentrale verneregler på heimesider – gjennom kommunikasjonsplan	1		NPS + BS	2020	
	3. Kartlegge kulturminne og lage ein plan for formidling av utvalde kulturminne i verneområdet	2	Kommunar	NPS		
	4. Måle ferdselstrykk, slitasje og gjere sårbarhetsvurderingar etter Miljødirektoratet si handbok.	2	Turlag, kommunar	NPS	2020-2030	Må sikre gode ferdselstal frå dei viktigaste stiane først, etter plan.
					a. Kvart 5. år i område med meir enn 3000 besökande kvart år b. Kvart 10. år i område med mellom 500 og 3000 besökande i året c. Elles om det vert oppdagat teikn på slitasje	
	5. Gjennomføre ny brukarundersøking innan 10 år for å kartlegge besökande si oppleveling av landskapet	1		NPS	2028	
	6. Utarbeide ein plan for merking og opparbeiding av vegar, stigar, bruar og ferdselsvegar. Planen skal òg omtale område som ikkje bør merkjast.			NPS	2021	

Verneområde	Skildring	Prioritet	Samarbeidsaktørar	Kven gjennomfører	Gjennomføringsperiode	Evt intervall
1.2 Tiltak for å nå måla for reiseliv og besøkande						
	1. Kommunikasjonsplan – sikre god og tilpassa kommunikasjon over alle plattformer, samt informasjonsplan for dei mest brukte innfallsportane	1	BS, Reiselivsaktørar	NPS+BS	2020	Kvart 10. år
	2. Ha årlege møte og samlingar/ vertskapskurs for reiselivet tilknytta Folgefonna med tema som <ul style="list-style-type: none"> o Samhandling o Felles utfordringar o Moglege konfliktpunkt o Besøkande si kundereise og oppleving av reisa 	1	BS, Reiselivsaktørar	NPS+BS	2020-2030	Kvart år
	3. Nasjonalparkstyret skal bidra med kunnskap om verneområda og rettleie reiselivsbedrifter ved utvikling av nye reiselivsprodukt knytt til Folgefonna	1		NPS	Ved behov	
	4. Halde oversikt over omfang og type organisert verksemد og prøve å styre aktivitetane gjennom rettleiing og medverknad. Forvaltingsstyremakta skal halde kontroll med større arrangement og organiserte turar som eit førebyggjande tiltak mot slitasje og skade.	1		NPS	Løpande	
	5. Sjå på muligheten for å etablera avgrensa lokalitetar for telting i verneområde med sanitæranlegg (utmarkscamping)	1			2021	

Verneområde	Skildring	Prioritet	Samarbeidsaktørar	Kven gjennomfører	Gjennomføringsperiode	Evt intervall
1.3 Tiltak for å nå måla for lokalsamfunna						
	1. Arrangere folkemøte i alle bygder med fokus på kva vern av Folgefonna betyr	1		NPS+BS	Løpande	
	2. Nasjonalparkstyret skal vere ein samarbeidspartner og bidra til at lokale verksemder kan nytte vernestatusen og merkestrategien på ein måte som ikkje forriger status eller verdi av vern av Folgefonna	2		NPS	Ved behov	
	3. Nasjonalparkstyret skal sikre god dialog med grunneigarar og rettshavarar og reiseliv for å hindre konfliktar mellom dei ulike interessene i området	2		NPS	Løpande	
1.4 Tiltak for å nå måla for born og unge						
	1. Lage opplegg for nærturar med informasjonsmateriell retta mot born og unge i samarbeid med besøkssenter nasjonalpark Folgefonna, med ulike tema:	1		NPS+BS	2020	
	a. Verneverdiar b. Historisk bruk og kulturminne c. Naturmangfold					
	2. Nasjonalparkstyret og naturettleiar ved besøkssenteret lagar eit undervisings- og informasjonsprogram for born og unge ved skulane i alle Folgefonna-kommunane som skal formidle verneverdiane	2		NPS+BS	2020	

Verneområde	Skildring	Prioritet	Samarbeidsaktørar	Kven gjennomfører	Gjennomførings- periode	Evt intervall
1.5 Konkrete tiltak knytt til innfallsportar						
Bondhusdalen	<ul style="list-style-type: none"> Opprette kontakt med grunneigarane for å undersøke om det er mogleg med eit offentleg-privat samarbeid som kan stå for drift og vedlikehald av toalettanlegg, parkeringsplass og veg opp til Bondhusvatnet. (Samarbeid mellom private eigarar, rettshavarar, kraftlag, reiseliv, kommune, friluftsråd, turlag og besøkssenter) 	1	Kommunar, grunneigarar, friluftsråd	NPS	2019	
	<ul style="list-style-type: none"> Bygge opp att varde og designe nytt informasjonspunkt på parkeringsplassen på Bondhus – samarbeid mellom nasjonalparkstyre, turlag og kommunen. 	1		NPS	2020	
	<ul style="list-style-type: none"> Oppdatere skiltplan ved Bondhusvatnet. 	2		NPS+BS	2020	
Ænesdalen	<ul style="list-style-type: none"> Toalett på innfallsport på Ænes – samarbeid med grunneigarar, kommunen og friluftsrådet. 	2	Kommunar, grunneigarar, friluftsråd mm.	NPS	2021	
	<ul style="list-style-type: none"> Informasjonsskilt om turar frå Ænes - samarbeid med kommunen, lokalt turlag og friluftsrådet. 	2		NPS	2020	
Hattebergsdalen	<ul style="list-style-type: none"> Utarbeide nærti med informasjon om kultur- og naturhistorie rundt Hattebergsfossen – samarbeid med Kvinnherad kommune, lokalt turlag, grunneigarar, nasjonalparkstyret og Baroniet i Rosendal. 	1	Kommunar, turlag, grunneigarar, Baroniet i Rosendal	NPS	2020	

Verneområde	Skildring	Prioritet	Samarbeidsaktørar	Kven gjennomfører	Gjennomførings- periode	Evt intervall
Folgefonna	<ul style="list-style-type: none"> • Utvide innfallsport på Kletta i samarbeid med kommune, grunneigarar, lokalt turlag og friluftsråd. 	2	Kommunar, grunneigarar, friluftsråd mm.	NPS	2021	
	<ul style="list-style-type: none"> • Toalett ved Myrdalsvatnet. 	2	Kommunar, grunneigarar, friluftsråd mm.	NPS	2021	
	<ul style="list-style-type: none"> • Informasjonspunkt på det nye besøkssenteret på Langfoss i Etne samarbeid med lokale reiselivsaktørar, besøkssenter og kommunen 	1	Lokale aktørar	NPS	2020	
	<ul style="list-style-type: none"> • Informasjonspunkt på det nye besøkssenteret på sommarskisenteret i Ullensvang i samarbeid med lokale reiselivsaktørar, besøkssenter og kommunen 	1	Lokale aktørar	NPS	2020	
	<ul style="list-style-type: none"> • Utvide gratis informasjonstilbod om Folgefonna ved Folgefonsenteret i Rosendal 	1	BS		2020	
	<ul style="list-style-type: none"> • Som ein del av arbeidet med informasjonsplan for Folgefonna må det lagast ein plan for oppdatering av eksisterande informasjonstilbod på alle desentraliserte informasjonspunkt knytt til Besøkssenter nasjonalpark Folgefonna. Det vil seie: Agatunet, Odda turistinformasjon, Juklafjord og Langfoss. 	2	BS	NPS+BS	2020	

Verneområde	Skildring	Prioritet	Samarbeidsaktørar	Kven gjennomfører	Gjennomførings- periode	Evt intervall
Buerdalen	<ul style="list-style-type: none"> • Nytt sanitæranlegg • Samordne informasjonspunkt med ny skiltplan i samarbeid med kommune, grunneigarar og lokalt turlag. • Vedlikehald av sti på enkelte punkt der slitasje er eit problem i samarbeid med grunneigarar • Løpende vedlikehald av ferdselstilrettelegging langs stien til Buerbreen. 		Grunneigar, kommune, turlag	NPS	2020	

Folgefonna nasjonalpark



Kontaktinformasjon Folgefonna nasjonalparkstyre

- E-post: Folgefonna@fylkesmannen.no
Nett: www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna
Post: Postboks 7310, 5020 Bergen
Besøksadresse: Skålafjæro 17, 5470 Rosendal